

# Rapport og planar (2011 – 2012)

Vedteke av Styret
for Høgskulen i Sogn og Fjordane
1. mars 2012

www.hisf.no

HØGSKULEN i SOGN OG FJORDANE

# Innhald

## Rapport 2011

Innleiing ........................................................................................................................7

Sektormål 1. Universitet og høgskular skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.......................................................................................................11

Sektormål 2. Universitet og høgskular skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid. ...............................................................25

Sektormål 3. Universitet og høgskular skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Universitet og høgskular skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten. ........................................32

Sektormål 4. Høgskulen skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogeleg ivareteke innafor ramma av disponible ressursar. ....37

Særskild rapportering……………………………………………………………………….47

## Planar 2012

HiSF sitt arbeid med risikostyring…………………………………………………………….54

Sektormål 1. Universitet og høgskular skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med behova i samfunnet.......................................................................................59

Sektormål 2. Universitet og høgskular skal i tråd med sin eigenart, utføre forsking, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet...................................70

Sektormål 3. Universitet og høgskular skal vera tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal og nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping........78

Sektormål 4. Universitet og høgskular skal ha effektiv forvalting av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla. .....................................................................82

Vedlegg...........................................................................................................................89

# Rapport 2011



# Innleiing

## Resultatutvikling og nosituasjonen.

Den positive utviklinga i HiSF har halde fram også i 2011. Studenttalet er sterkt aukande og det gjev seg også utslag i tilsvarande auke i studiepoengproduksjon. HiSF har framleis høg studiepoengproduksjon pr. heiltidsekvivalent.

Studentane sitt læringsutbytte i høve til planmål er noko vanskelegare å måla, men HiSF har fokus på at vi skal gje relevante studietilbod med ein yrkesretta fagleg profil. Dette pregar arbeidet i HiSF både med nye studieplanar, i undervisningsplanlegginga og kjem til uttrykk i evalueringa av studia våre som følgjer vedlagt. Det er styret sitt inntrykk at HiSF bevegar seg i rett retning, men samstundes er arbeidet med relevans og kvalitet eit kontinuerlig arbeid og langsiktig arbeid.

I 2011 vedtok styret også igangsetjing av fleire nye mastergrader og målsetjingane i strategisk plan om at dei store fagområda våre skal tilby mastergrader er no i det alt vesentlege i mål. Det har vore nødvendig å redusera noko på vidareutdanningane for å finansiera denne satsinga. Omfanget av bachelorutdanningar har vore stabilt.

Eksterne inntekter har vore aukande i HiSF siste åra og er no kome opp på eit stabilt høgre nivå. Det tyder på at kompetansen vår både er relevant og etterspurd og at vi betre fyller samfunnsrollen vår. Oppdrag finansiert av Norges forskingsråd og av EU har framleis for lågt omfang.

Publiseringsindeksen har vore aukande igjen siste åra etter eit lågt nivå. Men nivået er framleis ikkje tilfredsstillande og syner at HiSF har utfordringar i å omsetja godt forskings- og utviklingsarbeid i publiserbare forskingsartiklar.

Fou-aktiviteten er varierande i fagmiljøa våre, men HiSF har fagmiljø med godt forankra forskingskultur og vi har fagmiljø der fou-aktiviteten er i sterk utvikling og der vi observerer at det er attraktivt for flinke fagfolk å få seg arbeid. Men vi har også fagmiljø der det må vektleggast mest å byggja forskingskompetanse og trekkja i gang høvande fou-prosjekt.

Parallelt med aukande fagleg aktivitet har også den økonomiske ramma for HiSF auka mykje. Det skuldast både kraftig vekst i resultatløyving, men også basisløyving knytt til nye studieplassar. Dette har gitt HiSF økonomisk muligheiter til å realisera mastersatsinga, men samstundes har denne kravd mykje ressursar slik at det er lite rom for andre satsingar. Dei økonomiske marginane er små. Det har gjort at vi har vektlagt utarbeiding av 4-årige budsjettprognosar. Desse viser at satsinga er forsvarleg, men at det mest ikkje er marginar å gå på. Prognosane er eit også eit viktig hjelpemiddel for å vurdera risiko og konsekvensar av endra føresetnader. Styret er klar over at den økonomiske utviklinga må fylgjast nøye, og at det raskt må gjerast tiltak dersom føresetnadane endrar seg i negativ retning.

I 2011 vart ny organisasjonsmodell innført i HiSF der etablering av 8 institutt er den mest markerte endringa. Desse utgjer det fagleg homogene primærnivået i HiSF og det er ei

prioritert oppgåve å utvikla god fagleg leiing av institutta og at dei blir ei god ramme for å utvikla og integrera forsking og utdanning.

## Styret sine strategiske vurderingar for planperioden.

Styret vil våren 2012 gjennomføra ei midtvegsevaluering av HiSF sin strategiske plan for perioden 2010-2014. Utgangspunktet vil vera ei vurdering av kva har HiSF oppnådd i perioden so langt og kva som treng justerast ut frå endra interne og eksterne føresetnader.

Justeringa skjer på bakgrunn av ei svært positiv utvikling i HiSF. Det er vanskeleg å eksakt peika på forklaringsfaktorar, men styret meinar det er to hovudgrunnar til denne utviklinga.

Vi meinar at godt langsiktig arbeid i HiSF med prioritet til å utvikla relevante studietilbod, vektlegging av studiekvalitet og tilrettelegging for å skapa gode og attraktive fagmiljø har betydning. Høgskulen må vera fagleg attraktiv.

Den andre er allmenne utviklingstrekk i samfunnet der større delar av ungdomskulla finn ein liten høgskule med eit godt studiemiljø, aktivt studentsosialt miljø og gode muligheiter til friluftsliv attraktivt. Dette vert kombinert med aukande ungdomskull nasjonalt. Her har HiSF ein strategisk god posisjon med akseptabel reiseavstand til Bergen og Oslo-området.

Styret trur det er plass i det norske utdanningslandskapet for ein liten høgskule i eit bygdesamfunn som kan vera eit alternativ til å ta utdanning i dei store bysamfunna. Styret trur også at HiSF har føresetnader for å gje bidrag til forskingsbasert kunnskap som er nyttig også for andre miljø enn Sogn og Fjordane. Utgangspunktet har aldri vore så god som no for ei slik satsing.

For å lukkast med denne strategien ser styret at tre faktorar er heilt vesentlege:

- Høgskulen må vera attraktiv også for ungdom utanfor fylket
- Høgskulen må dekka kompetansebehov i Sogn og Fjordane både når det gjeld utdanning og fou-arbeid
- Høgskulen må skapa attraktive fagmiljø for dyktige fagfolk

Styret vil prioritera å leggja til rettes for at desse faktorane styrkar og utviklar kvarandre.

I samband med Rapport og planar 2011-2012, vil styret særleg vektlegga:

- HiSF har ein etter måten brei fagleg portefølge som det både er ressursmessig og fagleg krevjande å utvikla. Samstundes dekker denne viktige kompetansebehov og dei aller fleste studia har no god søknad. Styret vil vektlegga at desse kan styrkast med klarare og meir konsentrerte faglege profilar og at det ikkje skjer ei uheldig fagleg oppsplitting. Omstillings- og utviklingsevne på eksisterande studietilbod vil bli prioritert høgre enn ekspansjon.
- HiSF er kome langt med å utvikla og iverksetja mastergrader på sine sentrale fagområde. Det vil vera ei viktig oppgåve å styrka og konsolidera dei nye mastergradane. Styret har forventingar om at dei både skal rekruttera godt og at dei skal bidra til styrka og profilera fagleg fokus på sine fagområde.

- I HiSF sin strategiske plan er det vektlagt at HiSF har yrkesretta bachelorutdanningar og at vi skal utvikle forskingsbasert kunnskap og nyskaping innanfor yrkesfelta vi utdannar til. Styret ser liten grunn til å endra denne målsetjinga, men vil sjå til og leggja til rettes for at det faglege innhaldet i fou-arbeid og utdanning byggjer opp under desse målsetjingane.
- HiSF har ikkje makta å auka ressurstilførselen til fou-verksemda i vekstperioden frå 2008 utover det som har vore "normal" fou-andel. Styret har prioritert oppbygging av mastergrader på dei sentrale utdanningsområda og legg til grunn at dette vil gje høgskulen ein klårare fou-profil.
- Styret har hatt fokus på organisering av fou-arbeidet. Det er oppretta stilling som viserektor for fou med samla fagleg og administrativt ansvar. Viserektor for fou er leiar for det sentrale fou-utvalet. HiSF har og etablert og kanalisert leiarressursar til forskingsgrupper på dei sentrale fagområda. Målsetjinga har vore meir konsentrert bruk av forskingsressursar og at forskingsgruppene skal bidra til å utvikla ei strategisk forskingsretning for institusjonen framover innanfor det aktuelle fagområdet. Det har og vore ein målsetjing at forskingsgruppene skulle styrka HiSF når det galdt fremja og få innfridd søknader om eksterne forskingsmidlar. Det er nytta ca 1,5 mill. kr. i året til forskingsleiing. Her er det er behov for å vurdera både ressursdisponering og organisering i planperioden.
- HiSF er medlem av UH-nett Vest. Avtaleperioden går ut i 2012 og samarbeidspartnarane skal i løpet av våren 2012 vurdera om dei vil vidareføra samarbeidet. For HiSF er UiB og høgskulane frå Haugesund til Volda naturlege regionale samarbeidspartnarar der det vert inngått institusjonelt forpliktande avtalar. Dei dekker både ein fagleg breidde og kompetanse som er nyttig for HiSF. Høgskulen er derfor innstilt på å vidareføra og utdjupa dette samarbeidet gitt tilsvarande mål frå dei andre institusjonane.
- For HiSF er det ei målsetjing å auka volumet på eksternt finansiert verksemd. Dette kan både bidra til å styrka samfunnsoppdraget vårt, men også bidra til å styrka dei mange små fagmiljøa våre. Dette krev fokus på den eksternt finansierte verksemda med spennvidde frå faglege forutsetningar og organisering til oppdragsadministrasjon og økonomi.
- HiSF har iverksett ein ny organisasjonsmodell i 2011. Det betyr at det ikkje vil bli aktuelt å iverksetja nye store ou-prosessar i planperioden, men at implementering av noverande modell i nye bygg er prioritert.
- Styret konstaterer at HiSF har ambisjonar som pressar dei økonomiske rammene våre. Det gjer at tett økonomisk oppfylging er viktig og at aktiviteten må justerast dersom økonomiske føresetnader endrar seg. Men samstundes har HiSF fått ein løyvingsauke og eit økonomisk meir solid fundament siste åra som gjer det meir realistisk å drøfta den samla prioriteringa av ulike faglege aktivitetar i HiSF.
- HiSF tar i bruk nytt hovudbygg sumaren 2012 og med det er HiSF i Sogndal samla på Fosshaugane campus. Styret vil vektleggja at det nye bygget må bidra til å styrka integrasjon og attraktiviteten av høgskulen og meinar tilhøva ligg svært godt til rettes for det. Dette bygget er planlagt med utgangspunkt i eit tredje byggesteg der HiSF overtar Gymnaset. Når denne overtakinga no er blitt meir usikker gjev det ein del utfordringar som styret må drøfta spesielt.

## Styret sitt eige arbeid.

Styret vart vald/oppnemnd frå 1. aug. 2012 og er inne i sitt første år. 5 av styremedlemmene var med i det forrige styret og slik sett er det rimeleg kontinuitet i styret.

Styret har hatt eit styreseminar der dag 1 vart nytta til opplæring og drøfting av kva som er godt styrearbeid. Ein innleigd konsulent, Siri Hatlen, leia arbeidet denne dagen.

Dag 2 vart nytta til å drøfta strategiske utfordringar for HiSF der også leiargruppa deltok.

Styret har også hatt eit fellesseminar med styret i Vestlandsforsking.

Elles har styrearbeidet so langt vore mykje prega av saker som er eit resultat av det førre styret sitt arbeid. Gjennom dette dokumentet sin plandel og seinare i vår, gjennom midtvegsevaluering og eventuell justering av HiSF sin strategiske plan, får styret større muligheiter til å setja sitt preg på styringa av HiSF.

# Sektormål 1

## Universitet og høgskular skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innan forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

### Verksemdsmål 1.1
### Høgskulen skal utdanna kandidatar med høg kompetanse og med relevans for behova i samfunnet.

**Styringsparameter 1**
**Tal primærsøkjarar gjennom Samordna Opptak (per 15. april 2011) skal vere minst 1100 og tal primærsøkjarar per utlyst studieplass skal vera minst 1,4.**

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultatmål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2011 |
| Primærsøkjarar gjennom Samordna Opptak | 689 | 1030 | 985 | 1167 | 1100 |
| Primærsøkjarar per studieplass | 1,03 | 1,39 | 1,39 | 1,44 | 1,40 |

Høgskulen nådde resultatmålet for rekruttering av nye studentar gjennom Samordna Opptak, dvs grunnutdanningane. I perioden frå 2008 til 2011 har HiSF styrka rekrutteringa av nye grunnutdanningsstudentar med 70% målt i tal primærsøkjarar. Ingen andre institusjonar i uh-sektoren har like sterk prosentvis vekst i søkjartalet denne perioden. Den positive utviklinga skuldast i nokon grad etablering av nye tilbod, men gjeld elles så og seia alle høgskulen sine grunnutdanningar.

**Styringsparameter 2**
**Tal nye studentar rekruttert gjennom Samordna Opptak skal vere minst 830.**

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultatmål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2011 |
| Nye studentar (per 1.10.) rekruttert gjennom Samordna Opptak | 581 | 804 | 783 | 846 | 830 |

Tal nye studentar rekruttert gjennom SO ligg litt over resultatmålet, og er tilfredsstillande.

**Styringsparameter 3**
**Tal nye studentar rekruttert utanom Samordna Opptak skal vere minst 700.**

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultatmål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2011 |
| Nye studentar (per 1.10.) rekruttert utanom SO | 710 | 671 | 900 | 728 | 700 |

Tal nye registrerte studentar gjennom lokale opptak er litt over resultatmålet, og fordeler seg tilfredsstillande på dei ulike tilboda. Det store volumet ligg her på vidareutdanningar retta mot skule og barnehage og helse og sosial. Tilbodet av masterutdanningar er aukande, men framleis lågt ved HiSF. Tal nye studentar gjennom lokale opptak er lægre enn året før, men her må det takast omsyn til at 2010 var eit spesielt år med omlegging av tilbod som genererte spesielt høge studenttal.

**Styringsparameter 4**
**Tal eigenfinansierte studentar per 1.10.11 skal vere minst 3250 og tal eigenfinansierte heiltidsekvivalentar skal vere minst 2520.**

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultatmål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2011 |
| Eigenfinansierte studentar | 2472 | 2736 | 3105 | 3212 | 3250 |
| Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar | 1992 | 2242 | 2439 | 2624 | 2520 |

Studenttalet ved høgskulen har auka kraftig siste åra, og er fordelt på dei fleste utdanningane. Forklaringa ligg i betre rekruttering, med nye kull som er vesentleg større enn avgangskulla. Hausten 2011 er resultatet litt under måltalet for eigenfinansierte studentar og godt over måltalet for eigenfinansierte heiltidsekvivalentar. Dette gjenspeglar at det har vore særleg god vekst i talet på heiltidsstudentar.

**Styringsparameter 5**
**Samla kandidatproduksjon ved høgskulen i 2011 skal vere 465.**

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultatmål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2011 |
| Mastergrad | 14 | 3 | 12 | 6 | 8 |
| Allmennlærar | 54 | 37 | 32 | 28 | 40 |
| Bachelor Førskulelærar | 29 | 47 | 23 | 40 | 45 |
| Bachelor Sjukepleie | 77 | 118 | 85 | 105 | 100 |
| Bachelor Sosialarbeidar | 90 | 102 | 85 | 71 | 75 |
| Bachelor Samfunnsvitskap | 6 | 10 | 11 | 14 | 10 |
| Bachelor Økonomi, Reiseliv, eigedomsmekling | 50 | 52 | 41 | 62 | 60 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Bachelor Idrett, Friluftsliv | 45 | 43 | 63 | 70 | 70 |
| Bachelor Naturvitskap | 7 | 8 | 15 | 17 | 15 |
| Bachelor Ingeniør | 9 | 9 | 8 | 14 | 12 |
| Fri Bachelor | 4 | 9 | 1 | 4 | 0 |
| PPU | 58 | 18 | 63 | 29 | 30 |
| Høgskulekandidat 2-årig | 1 | 0 | 1 | 0 | 0 |
| Samla kandidattal | 444 | 456 | 440 | 460 | 465 |

Kandidatproduksjonen i 2011 er på nivå med resultatmålet. Talet for allmenlærar ligg noko under måltalet, elles er kandidattalet godt i samsvar med forventa produksjon. Frå 2008 har talet natur- og ingeniørkandidatar auka med nær 100%. Det er naturlege svingingar i kandidatproduksjonen dei ulike åra på grunn av deltidskull som avsluttar til ulike tider.

**Styringsparameter 6**
**Høgskulen skal bidra til å møte det nasjonale behovet for kapasitetsauke i høgre utdanning med å tilby nye studieplassar.**

HiSF har auka kapasitet og studenttal siste åra. Det har skjedd både med auka opptak på etablerte utdanningar, som lærarutdanning, og med nye tilbod, mellom anna i fornybar energi, jus og eigedomsmekling. Betre rekruttering har gjort at dei nye studieplassane er godt oppfylte.

**Styringsparameter 7**
**Høgskulen skal prioritere kvalitet i dei eksisterande studieprogramma framfor etablering av nye. Studieprogram som ikkje rekrutterer tilfredsstillande over tid skal vurderast med sikte på omlegging/nedlegging.**

Høgskulen sitt studietilbod og faglege profil har vore drøfta i styret ved fleire høve. HiSF har eit breitt fagleg tilbod med mange små fagmiljø, som kan vera sårbare både i forhold til rekruttering, kvalitet, kompetanse og økonomi. Dei siste åra har studentrekrutteringa betra seg vesentleg, og på bakgrunn av opptaket i 2011 er rekrutteringa til dei aller fleste tilboda slik at det ikkje er aktuelt å vurdera nedlegging eller vesentleg omlegging av tilboda. For nokre få tilbod er rekrutteringa framleis svak. Det gjeld særleg grunnskulelærar 1 – 7.

I 2011 er det ikkje etablert tilbod på nye fagområde. Derimot har høgskulen arbeidd aktivt med å realisera målsetjingane i strategiplanen om at HiSF skal ha tilbod om mastergradsstudium innafor høgskulen sine viktigaste utdanningsområde.

**Styringsparameter 8**
**For å auke høgskulen sitt handlingsrom, skal vi arbeide konstruktivt for arbeidsdeling og samarbeid innafor UH-nett Vest.**

HiSF har vore involvert i ei rekkje samarbeidstiltak innafor rammene av UH-nett Vest. Dei største tiltaka er knytt til lærarutdanningane, der det er gjennomført arbeidsdeling med omsyn til profilering og valfag i grunnskulelærarutdanningane. I 2011 er det også etablert to tilbod om fellesgrader for GLU 1 – 7. Det eine tilbodet er ein fellesgrad mellom HiSF og Høgskulen i Volda om deltidsutdanning over fem år på Sandane. Det andre tilbodet er ein fellesgrad mellom HiSF, NLA og Høgskolen i Bergen på Voss, som også blir arrangert på deltid over fem år. Begge tilboda vart starta opp hausten 2011 med tilfredsstillande studenttal.

HiSF har utvikla samarbeidsavtalar med Høgskulen i Volda om emne på masternivå, og med Høgskulen i Bergen om overgangsordning for ingeniørstudentar. Forskingssamarbeidet innan nettverket er styrka på fleire fagområde.

**Styringsparameter 9**
**Vi skal arbeide for å etablere eigne mastergrader innafor sentrale utdanningsområde i høgskulen. Høgskulen vil søkje KD om midlar til oppstart av mastergrader. I 2011 skal vi**

- starte opp mastergrad i idrettsvitskap i samarbeid med NIH
- sende søknad til NOKUT om eigen mastergrad i undervisning og læring
- utarbeide studieplan for mastergrad i helse- og sosialfag. Samstundes blir det bygd opp professor- og forskingskompetanse med sikte på at søknad om NOKUT-godkjenning av studiet kan sendast frå høgskulen
- utgreie mogelege fellesemne for masterprogramma

Mastergrad i idrettsvitskap i samarbeid med NIH vart starta hausten 2011. Høgskulen har søkt NOKUT om akkreditering av mastergradstilbod både i undervisning og læring og samhandling innan helse- og sosialfag. Master i læring og undervisning vart avvist på formelt grunnlag, då høgskulen ikkje hadde gjort tilstrekkeleg greie for praksisopplæring for GLU-studentar som søkte seg inn på masterstudiet. Det vert arbeidd med ein ny søknad våren 2012. Søknad om master i samhandling innan helse- og sosialtenester er til kommisjonsvurdering. Det er tilsett professorar, og førstekompetansen er styrka på aktuelle fagområde knytt til mastersatsinga. Arbeidet med å utgreie moglege fellesemne i masterprogramma er starta opp, men det er førebels ikkje lagt opp til fellesemne.

**Styringsparameter 10**
**Høgskulen skal tilby gode og relevante vidareutdanningar med utgangspunkt i dei regionale behova og høgskulens kompetanse.**

Også i 2011 har høgskulen arbeidd aktivt og målretta med sikte på å tilby gode og relevante vidareutdanningar. Særleg har dette lukkast godt i forhold til skule og barnehage og helse- og sosialsektoren.

Høgskulen sine fagmiljø har gjennom mange år utvikla eit tett og nært samarbeid med desse sektorane, og behov for vidareutdanningar er tema på årlege samhandlingsmøte, slik at høgskulen i stor grad kan lage relevante vidareutdanningstilbod for ulike målgrupper. Omfanget av høgskulen sine vidareutdaningar er noko redusert, og vidareutdanningstilbodet må sjåast i lys av eventuell oppstart av masterstudium på desse fagområda. Det vert arbeidd med å heve det faglege nivået på nokre vidareutdanningar innan helse- og sosialfag med sikte på at dei kan inngå som valfrie emne i ulike masterutdanningar.

**Styringsparameter 11**
**Høgskulen skal tilby attraktive kurs og studietilbod med ekstern finansiering som held høg fagleg og pedagogisk kvalitet.**

Aktivitetsnivået på eksternt finansierte tilbodet har vore litt lægre enn tidlegare. Leiing i skule og barnehage og psykososialt arbeid blant barn og unge er viktige fagområde. Høgskulen har òg fleire vidareutdanningar for lærarar innan sentralt prioriterte fagområde, finansierte av utdanningsdirektoratet etter søknad eller konkurranse.

**Styringsparameter 12**
**Høgskulen skal vidareutvikle kvalitetssystemet med sikte på robuste arbeidsmåtar og**

**rutinar, og evne til å fanga tilbakemeldingar frå studentar, tilsette og praksisfeltet. Kvalitetssystemet skal tilpassast ny organisasjonsstruktur.**

Høgskulen sitt kvalitetssystem vart godkjent av NOKUT i 2008. På bakgrunn av evaluering og tilbakemeldingar i 2011 er det innført formell undervegsevaluering av undervisninga, og sluttevaluering av emne er forenkla. Kvalitetssystemet vert nytta i arbeidet med utvikling av studiekvalitet og legg til rette for medverknad frå studentar, tilsette og praksisfeltet. I utvikling av studia har studienemndene med fagtilsette, studentar og ekstern deltaking ei viktig rolle. Kvalitetssystemet er tilpassa ny organisasjonsstruktur med viserektorar for utdanning og forsking, dekanar og i alt åtte instituttleiarar. Instituttleiar kan delegere ulike delar av arbeidet til programansvarleg, studiumansvarleg, emneansvarleg og/eller årsansvarleg. Arbeidet med å knyte ansvar og oppgåver til dei ulike rollene vert utvikla vidare.

Det er oppretta Utdanningsutval og FoU-utval som rådgjevande organ for rektor. Dei vert leia av kvar sin viserektor. Utdanningsutvalet har fått eit særleg ansvar for arbeid med utdanningskvalitet og høgskulen sitt kvalitetssystem. Utdanningsutvalet er også delegert mynde til å godkjenna studieplanar. Utdanningsutvalet har ansvar for at det vert utarbeidd ein årleg rapport om utdanningskvalitet som vert lagt fram for styret. Høgskulestyret godkjente det reviderte kvalitetssystemet i desember 2011.

**Styringsparameter 13**
**Høgskulen skal vidareutvikla studieplanane med sikte på at dei skal vera forskingsbaserte, ha fokus på entreprenørskap, internasjonal orientering og med læringsutbyteomtalar i samsvar med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket.**

Høgskulen har ein brei studieportefølje, og forsking vert knytt til utdanningane på ulike vis. Gjennom året vart arbeid med forskingsbasert undervisning ført vidare, mellom anna etter innspel frå Studentparlamentet. Studieplanane er revidert med mål å synleggjere dette gjennom val av arbeidsformer, innføring av bacheloroppgåver i dei nye grunnskulelærarutdanningane og val av pensum. Arbeid med studieplanar med sikte på nye masterutdanningar har gitt større fokus på korleis ein bør synleggjere forskingsaktiviteten i dei aktuell fagmiljøa.

Mange studieplanar har læringsutbyte knytt til kunnskap om entreprenørskap og utviklingskompetanse, men her har fagmiljøa kome ulikt langt. Det same gjeld internasjonal orientering i utdanningane.

Høgskulen har jobba aktivt med opplæring og informasjon til fagtilsette om innføring av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. Studieplanane er omarbeidde og inneheld formulering av læringsutbyte tilpassa fagleg nivå for bachelor- og masteremne. Det er arbeidd med å få god samanheng mellom emnenivå og dei samla læringsutbyte ferdige kandidatar skal ha oppnådd. Arbeidet er krevjande, men alle høgskulen sine studieplanar skal vera i samsvar med det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket til studiestart hausten 2012.

**Styringsparameter 14**
**Bibliotektenesta i høgskulen skal støtte undervisning og forsking og styrke informasjonskompetansen hjå studentar og tilsette.**

Det vert gjeve undervisning og rettleiing i søkeprosessar og i utnytting av dei ressursane biblioteket tilbyr. Samarbeid med fagansvarlege er vesentleg for å få til gode læreprosessar for studentane. Nært samarbeid med avdelingar og institutt er også avgjerande for å kunne tilby tilrettelagde bibliotektenester og for at informasjonsressursane treffer behovet hjå forskarane. Kontaktbibliotekarar på kvart institutt skal styrke kontakten mellom fagavdelingane og biblioteket.

## Verksemdsmål 1.2
## Høgskulen skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbyte og god gjennomstrøyming.

**Styringsparameter 1**
**Studiepoengproduksjonen i 2011 skal vera 2100 eigenproduserte 60-poengeiningar. Tal nye studiepoeng per eigenfinansiert student skal vere 41 og per eigenfinansiert heiltidsekvivalent 52.**

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultatmål 2011 |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | |
| Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeiningar) | 1881,1 | 1847,9 | 2030,0 | 2212,8 | 2100 |
| Studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent | 56,2 | 52,1 | 51,8 | 53,1 | 52 |
| Studiepoeng per eigenfinansiert student | 45,5 | 42,3 | 41,2 | 42,6 | 41 |

Høgskulen sin studiepoengproduksjon er klårt over resultatmålet for 2011. Dette er primært resultat av at høgskulen har hatt tre svært gode år med omsyn til studentrekruttering med sterk auke i studenttalet som følgje. Studiepoengproduksjonen per eigenfinansiert ekvivalent er blant dei høgste i sektoren. Gjennomsnittet for alle statlege høgskular er 44,7 studiepoeng. Dette er eit godt resultat som syner at høgskulen sine studentar i stor grad lukkast med det faglege arbeidet. Fordelt ut per student (hovud) er produksjonen ved HiSF også betydeleg over gjennomsnittet. Blant statlege høgskular har snittet dette året gått ned til 39,9.

Årsaka til skilnaden i produksjon per ekvivalent og student er at HiSF organiserer relativt mange av studietilboda som deltidsutdanningar. Mellom anna gjeld det alle vidareutdanningar og mastergrader, i tillegg til nokre grunnutdanningar.

**Utdanningar med aktivitetskrav**

**Anestesi, operasjon og intensiv (AOI).** Det skulle vore opptak hausten 2010, men opptaket vart flytta til hausten 2011. Det var difor ingen produksjon av studiepoengeiningar studieåret 2010/2011. Aktivitetskravet var 7.

**Vernepleie.** 34 einigar vart produsert studieåret 2010/11. Dette gjeld emne i første studieår i utdanningar på heil- og deltid. Aktivtetskravet var 29.

**Sjukepleie.** 138 einingar er produsert i studieåret 2010/2011. Aktivitetskravet var 138.

**Styringsparameter 2**
**HSF skal ha 18 studentar per eigenfinansiert fagleg årsverk i 2011.**

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultatmål 2011 |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | |
| Studentar per fagleg årsverk | 17,8 | 17,6 | 19,8 | 18,7 | 18,0 |

Tal studentar per fagleg årsverk er lægre i 2011 enn året før, men framleis noko over resultatmålet og også over gjennomsnittet for sektoren (17,4).

**Styringsparameter 3**
**Gjennomføringsprosent i forhold til avtalt utdanningsplan skal vera 85%.**

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultatmål 2011 |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | |
| Gjennomføring i forhold til avtalt utdanningsplan | 83,6% | 82,8% | 90% | 91,5% | 85% |

Gjennomføring i forhold til avtalt utdanningsplan ligg over resultatmålet. Utdanningsplanar for vidareutdanningane vart tatt i bruk frå hausten 2011. Det kan vere ein grunn til at gjennomføringsprosenten har auka. Snittet for sektoren er 87,6.

**Styringsparameter 4**
**Høgskulen vil innføra krav om pedagogisk basiskompetanse for alle som blir tilsett i faglege stillingar. Dersom dette kravet ikkje er innfridd ved tilsetjing, vil den som blir tilsett bli pålagt å gjennomføra opplæring tilsvarande 15 studiepoeng pedagogikk i løpet av fem år frå tilsetjing.**

Utdanningsutvalet og Studentparlamentet har vore pådrivarar for å styrke den pedagogiske kompetansen blant dei fagtilsette. I 2011 gjorde styret vedtak om krav til formell pedagogisk basiskompetanse ved tilsetjing i fagstillingar. Dei som ikkje innfrir dette kravet, må skaffe seg pedagogisk kompetanse innan fem år frå tilsetjing.

**Styringsparameter 5**
**Høgskulen skal ha tilbod om pedagogisk opplæring for tilsette tilsvarande fem studiepoeng per år.**

Høgskulen har sidan 2008 hatt tilbod om pedagogisk opplæring for tilsette. I 2010 vart tilbodet utvida slik at det samla tilbodet no er tre emne a fem studiepoeng. Høgskulen tilbyr eitt av desse tre emna kvart år som tilbod for eigne tilsette som enten manglar formell basiskompetanse i pedagogikk eller som ønskjer å utvikle sin pedagogiske kompetanse. I 2011 deltok 18 tilsette i opplæringa.

**Styringsparameter 6**
**Høgskulen skal styrke kvaliteten i praksisopplæringa gjennom god samhandling med praksisfeltet for dei praksisbaserte utdanningane.**

Det er utarbeidd spesifikke retningsliner og søknadsprosedyren er forenkla for bruk av samarbeidsmidlane. Høgskulen samarbeider med Førde kommune om undervisnings-heimetenester og undervisningssjukeheim.

Dei strukturelle endringane innanfor spesialisthelsetenesta i Sogn og Fjordane gir høgskulen si sjukepleiarutdanning både kvalitative og kvantitative utfordringar når det gjeld praksisopplæringa. Helse Førde reduserer senger og legg ned behandlingstilbod på Eid og i Lærdal. Samstundes vert den medisinske behandlinga effektivisert slik at det vert meir poliklinisk behandling. Uklarheiter i Samhandlingsreforma gir utfordringar for samspelet med kommunehelsetenesta.

Ein viktig del av GLU-reforma er relasjonane til praksisfeltet. Høgskulen har eit svært godt samarbeid med praksisskulane våre. Det er utarbeidd gode rutinar for oppfølging og rapportering både i form av praksisbesøk, regionsamlingar, skriftlege rapportar og gjennom oppsummerande møte. Mange praksislærarar får tilbod om utdanning i rettleiing. Deltidsstudentane ønskjer større fleksibilitet i høve til bruk av praksisskular i nærområdet sitt. Høgskulen arbeider særskild med kvalitetssikring av praksisopplæringa på desse skulane. Samarbeidet mellom praksisfeltet og lærarutdanningane er også implementert i fagnettverkarbeidet i indre Sogn. Dette er eit fagleg forum for utveksling av teori og praksis mellom høgskule og lærarar knytt opp til faga i skulen, til leiing og til entreprenørskap.

Lærarutdanninga var med i satsinga på entreprenørskap gjennom ”Snu Sogn”- prosjektet for kommunane i midtre og indre Sogn. Prosjektet vart avslutta våren 2011.

Det har vore arbeidd aktivt med formalisering av samarbeid med praksisfeltet når det gjeld barnevern, sosialt arbeid og vernepleie. I 2011 vart det etablert samarbeidsavtalar med 12 kommunar eller andre føretak som tek imot studentar frå HiSF.

**Styringsparameter 7**
**Høgskulen skal halde fokus på gjennomstrøyming/gjennomføring av utdanningane gjennom ein årleg konferanse mellom høgskulen og dei studenttillitsvalde og styrking av opplæring i studiestrategiar. Høgskulen skal avklare skiljet mellom opptak til etter- og vidareutdanningstilbod for lærarar.**

Konferansen "Tett på studenten" er ei nyskaping i høgskulen, og vart gjennomført første gong i mars 2011. Konferansen hadde fokus på studentane sin studiesituasjon og læringsmiljø, og vart arrangert som eit samarbeid mellom Studentparlamentet, Læringsmiljøutvalet og Studieutvalet i høgskulen. Studenttillitsvalde, leiarar, studieleiarar, administrative nøkkelpersonar og medlemane i utvala deltok. Målet med konferansen var å utvikle ein open møteplass mellom studentar, leiarar og støttetenestene på tvers av avdelingar og fagmiljø. Dersom studentane skal lukkast i utdanningane, er det viktig at studieleiarar og fagtilsette kjenner korleis studentane opplever studiekvardagen, og at dei kjenner kva forventningar høgskulen har til studentane. Konferansen var vellukka, og det vert planlagt ny konferanse i 2012.

Opptak av studentar til vidareutdanningar for lærarar har i nokre høve omfatta etterutdanningsstudentar som har som mål å følgje undervisninga utan å ta eksamen. Dersom det vert tatt opp mange slike studentar, verkar det inn på tala som tek eksamen, og vil redusere tal for gjennomstrømming på utdanninga. Det er utvikla større forståing for denne problematikken gjennom året.

**Styringsparameter 8**
**For å stimulera/leggje til rette for eit aktivt studentdemokrati, skal det utarbeidast felles retningsliner for høgskulen sitt forhold til studentorgana.**

Høgskulen har hatt eit godt samarbeid med Studentparlamentet gjennom året. Gjennom opplæring av nye studenttillitsvalde om hausten og Tett på-konferansen om våren har det vorte lagt vekt på å gi dei tillitsvalde ei felles forståing av rolla som tillitsvald. Institutta skal legge til rette for val av nye tillitsvalde om hausten. Det er utarbeidd standard attestar for studentar med verv. Høgskulen har gode og tenlege lokale, og syter for ein ressurs tilsvarande eitt årsverk til leiar og sekretær for Studentparlamentet. Det vert arrangert eit kontaktmøte mellom institusjonsleiinga og studentorganisasjonane kvar månad. Det er ikkje laga formelle retningslinjer for samarbeidet.

**Styringsparameter 9**
**Høgskulen skal leggje til rette for eit læringsmiljø som stimulerer til engasjement og medverknad frå studentar og tilsette.**

Høgskulen har eit aktivt Læringsmiljøutval. Leiinga går på omgang mellom student og leiing. I 2011 vart det arbeidd med oppfølging av læringsmiljøundersøking hausten 2010. Føremålet med undersøkinga var å kartlegge fysiske, psykososiale og organisatoriske forhold som påverkar læringsmiljøet ved høgskulen. Undersøkinga sette fokus på to hovudfaktorar; integrasjon i studentmiljøet og utforming av trivelege lokale.

Læringsmiljøutvalet har følgt planlegging av det nye Høgskulebygget i Sogndal tett. Arbeid med universell utforming og auka tilgjenge for studentar med nedsett funksjonsevne har vore vektlagt.

Høgskulen har eit godt system for å legge til rette for studentar som har behov for særskild tilrettelegging i studiesituasjonen og ved eksamen. Høgskulen sin handlingsplan for studentar med funksjonshemmingar og høgskulen sin beredskapsplan for kriser og krisehandtering ved HSF vart revidert i perioden. Høgskulen samarbeider med Studentsamskipnaden og NAV om prosjektet Studier med støtte.

**Styringsparameter 10**
**Høgskulen skal utvikle biblioteket som god læringsarena med arbeidsplassar som imøtekjem ulike læringsbehov. Utforming av læresenteret i det nye sentralbygget vil stå sentralt.**

Planar for flytting og fletting av to bibliotek til eitt nytt bibliotek i Sogndal med varierte arbeidsplassar, individuelle og i grupper, i opne areal og i grupperom, pågår og skal gjennomførast sommar 2012. Biblioteket vil få eige undervisningsrom og to multimediarom som kan nyttast til ulike føremål. Biblioteket får plassering sentralt i høgskuleområdet. Tilgjengelegheit og opningstider må utvidast i høve dagens situasjon.

**Styringsparameter 11**
**Høgskulen skal følgja opp innstilling om digital kompetanse gjennom eit eige prosjekt med vekt på opplæringstilbod for tilsette, brukarstøtte, utprøving av digital eksamen og og tilrettelegging for deltids-/samlingsbaserte studentar.**

Prosjektet *Digital kompetanse 2011* kom i gang i mars 2011 som oppfølging av innstillinga Digital kompetanse sett i system. Det vart oppnemnt ei eiga prosjektgruppe som har hovudfokus på opplæring og pedagogisk bruk av video og samarbeidsverktøy for dei tilsette. Høgskulen har starta fleire samlingsbaserte utdanningar som egnar seg godt til å prøve ut nye undervisningsformer basert på digitale hjelpemiddel. Fagtilsette frå samarbeidsinstitusjonar innan UH-nett Vest nyttar videobaserte samarbeidsverktøy til nettundervisning og opptak av undervisning i dei nye samlingsbaserte grunnskulelærarutdanningane på Sandane og Voss. Det er lyst ut såkornmidlar og halde ulike kurs og skjermdemonstrasjonar gjennom året.

Høgskulen har gjort nokre erfaringar med PC-basert eksamen, og vil gå vidare med utprøving av fleire skriftlege skuleeksamenar på PC i 2012. Digital eksamen er eit stort og krevjande felt der studentane er utålmodige, og der det er mange omsyn å ta med omsyn til lokale, kvalitetssikring av innlevering og sensur.

**Styringsparameter 12**
**Høgskulen skal utvikle it-strategien, gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalysar og utarbeide og vedta sikkerheitspolicy for høgskulen. Minst eitt klasserom blir tilrettelagd**

**for elektronisk samhandling som del av vestlandssamarbeidet. Det skal innførast elektroniske samarbeidsløysingar som vert gjort tilgjengelege for alle.**

Arbeidet med å utarbeide og vedta sikkerheitspolicy er gjennomført og under implementering. Utarbeiding av it-strategi er godt i gang. Det er gjennomført risikoanalysar for dei mest kritiske løysingane i samarbeid med UNINETT. Det er og laga ein tiltaksplan. Det er prosjektert og installert eit "elektronisk klasserom" med videokonferanseløysingar som tilrettelegging for undervisningssamarbeid. Det er og gjort oppgraderingar i undervisningsrom. Det er under innføring teknologi for elektronisk samarbeid, og oppgradering av server, lagring og backupløysingar er gjort med bakgrunn i risikoanalysene.

**Styringsparameter 13**
**Høgskulen skal gjennomføre og følgje opp brukarundersøkingar i samsvar med kvalitetssystemet vendt mot nye studentar og ferdige kandidatar.**

Det vert gjort ei årleg rekrutteringsundersøking blant nye studentar. Undersøkinga gir viktig informasjon om korleis studentane finn fram til HiSF, korleis dei opplever mottak og studiestart med omsyn til faglege og studentsosiale tiltak. Undersøkinga hausten 2011 vert nytte som grunnlag for vidare utvikling av studiestart hausten 2012.

Høgskulen sitt Læringsmiljøutval hadde ansvaret for oppfølging av læringsmiljøundersøkinga frå 2010 i samarbeid med dekanar og institusjonsleiinga.

Høgskulen gjennomfører og ei årleg kandidatundersøking vendt mot ferdige kandidatar. Frå hausten – 11 har denne fått eit større fokus mot korleis kandidatane har lukkast i å kome inn på arbeidsmarknaden, og kvar dei har fått arbeid etter avslutta utdanning ved HiSF.

**Styringsparameter 14**
**Høgskulen skal ha ein aktiv og open kommunikasjon med studentar og studiesøkjarar og val av informasjonskanalar skal tilpassast dei ulike gruppene.**

Kommunikasjon med studentane føregår på mange nivå og ulike arenaer. Høgskulen har som mål å ha tett og god oppfølging av studentane. Hausten 2011 vedtok HiSF-styret ein kommunikasjonsstrategi. Den gir overordna føringar for høgskulens kommunikasjon og skal m.a. bidra til at høgskulen vel kommunikasjonskanalar tilpassa målgrupper og innhald. Implementeringa av den vil starte opp i 2012. Høgskulen har alt no ein strategi for bruk av Facebook i kommunikasjon med eigne studentar og studiesøkjarar.

## Verksemdsmål 1.3
## Høgskulen skal ha omfattande internasjonalt utdanningssamarbeid med høg kvalitet, som bidreg til auka utdanningskvalitet.

**Styringsparameter 1**
**Tal utvekslingsstudentar over tre månader skal vere 90.**

| Styringsparameter | Resultat | | | | | Resultat-mål |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2011 |
| Utreisande studentar | 34 | 32 | 41 | 38 | 62 | 40 |
| Innreisande studentar | 46 | 45 | 50 | 41 | 49 | 50 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Totalt | 80 | 77 | 91 | 79 | 111 | 90 |

Det var betydeleg auke i studentmobiliteten i 2011. Auken var særleg knytt til tal utreisande studentar til høgskulen sine samarbeidspartnarar i Zambia. Tyngda av utreisande studentar var knytt til bilaterale avtalar. Innreisande studentar kom i hovudsak på Erasmus-programmet eller som kvotestudentar. Mobiliteten var ujamt fordelt, og hovudtyngda var knytt til tre – fire studium.

**Styringsparameter 2**
**Talet på framandspråklege studium på 30 sp skal vere 14.**

| Styringsparameter | Resultat | | | | | Resultat mål |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2011 |
| Tal framandspråklege studium eller emne | 11 | 14 | 15 | 14 | 14 | 14 |

Dei engelskspråklege tilboda vart vidareført i 2011. Tilbodet omfatta i alt 11 semesterprogram (30 sp) på engelsk, og tre emne i sjukepleie for nordiske studentar. Dei engelskspråklege semesterprogramma var sett saman av emne på 10 – 15 studiepoeng.

**Styringsparameter 3**
**Tal studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar skal vere 1.**

| Styringsparameter | Resultat | | | | | Resultat mål |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2011 |
| Studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar | 0 | 0 | 1 | 1 | 0 | 1 |

Høgskulen samarbeider med Institutt for Skov og landskap ved Københavns Universitet og Sveriges landbruksuniversitet om master i Landskapsplanlegging. Grunna svak rekruttering vart studiet ikkje starta opp i 2010. I 2011 har studieplanen vorte omarbeidd med mål å styrke rekruttering av eigne studentar. Studiet vert lyst ut med sikte på oppstart hausten 2012.

**Styringsparameter 4**
**Mobiliteten skal vere 4 fagleg tilsett.**

| Styringsparameter | Resultat | | | | | Resultat Mål |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2011 |
| Utreisande over fire veker | 30 | 30 | 20 | 17 | 1 | 2 |
| Innreisande over fire veker | 12 | 10 | 14 | 7 | 0 | 2 |
| Tal tilsette med utvekslingsopphald ei veke | 42 | 40 | 34 | 24 | 27 | 30 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| eller meir | | | | | | |

Resultatmålet for fagleg- og tilsettmobilitet vart redusert betydeleg for 2011 på grunn av endringa krav til rapportering. Berre mobilitet på fire veker eller meir vert rapportert i DBH frå 2011. Ved HiSF er mobilitet i fagmiljøa normalt av kortare varigheit slik det går fram av tabellen over. Den samla faglege mobiliteten på meir enn ei veke synte ein auke i høve fjoråret. I alt reiste 21 tilsette ut, medan høgskulen tok imot 6 internasjonale kollegaer på opphald på ei veke eller meir.

**Styringsparameter 5**
**Høgskulen skal følgje opp innstillinga frå internasjonale arbeidsgruppe.**

Eit rektoroppnemnt utval leverte våren -11 innstillinga "Internasjonalisering - vegen vidare for HSF". Innstillinga gjer greie for status, nasjonale forventningar og utfordringar for høgskulen på dette området. Innstillinga vart drøfta i ulike fora i den nye organisasjonen hausten – 11. Utvalet foreslo tre hovudmålsetjingar for arbeid med internasjonalisering i høgskulen: 1)Internasjonalisering skal vere ein integrert del av verksemda ved HiSF, 2)Internasjonalisering skal sikra høg kvalitet på HiSF sitt faglege arbeid, 3)Alle studentar ved HiSF skal møte ein internasjonal dimensjon i utdanninga. Det vart foreslått ei rad tiltak for å nå desse måla, og nokre tiltak er sett i verk.

**Styringsparameter 6**
**Internasjonaliseringsarbeidet skal styrkast gjennom sterkare forankring i høgskulen si styringslinje.**

Det er oppretta eit internasjonalt forum som vert leia av viserektor for utdanning. Med i forumet er også viserektor for fou, dekanar, instituttleiarar, internasjonale koordinatorar og rådgjevar i seksjon for utdanning. Internasjonalt forum skal handsame saker av strategisk karakter, og drøftingane dannar grunnlag for prioritering av ressursar og arbeidsoppgåver sentralt og på institutta.

**Styringsparameter 7**
**Ressursar til internasjonalisering skal tildelast slik at relevante fagmiljø får like vilkår i arbeidet.**

Det er starta opp eit arbeid for å vurdere ressurstildeling til drift og utvikling av dei engelskspråklege studietilboda i høgskulen. Utvikling av internasjonale studietilbod har gått over år, og det har vorte ulike tradisjonar for ressurstildeling til avdelingane. Institutta arbeider med å gjere vilkår for arbeidsplanar og ressursar til faglege reiser meir einsarta.

**Styringsparameter 8**
**Høgskulen skal delta i samarbeid med UH-Nett Vest om internasjonalisering.**

Høgskulen har delteke i to arbeidsgrupper som arbeider med internasjonalisering under UH-nett Vest. Den eine gruppa arbeidde i 2011 særleg med felles profilering, og utvikla ein felles stand som vart nytta under EAIE-konferansen i København i september 2011. Standen vart ein suksess, og fungerte godt som grunnlag for nettverksbygging og møteplass med internasjonale partnarar. Den andre arbeidsgruppa arbeider med internasjonalisering heime og har særleg vore oppteken av korleis ein kan utvikla fleirkulturelt og internasjonalt studiemiljø på institusjonane. Erfaringane har gitt grunnlag for å utvikle samarbeid om fleire tiltak.

**Styringsparameter 9**
**Internasjonalt samarbeid skal sikre at høgskulen sine studieprogram er attraktive, forskingsbaserte og held høg internasjonal kvalitet.**

Det internasjonale faglege samarbeidet har blitt vidareført på om lag same nivå som tidlegare. Den nye organiseringa med viserektor for fou har mellom anna som mål å styrke internasjonal orientering i høgskulen sine forskingsmiljø. Dette vil vere eit viktig bidrag til å gjere utdanningane meir forskingsbaserte, og ikkje minst styrke det internasjonale perspektivet i utdanningane.

**Styringsparameter 10**
**Høgskulen vil stimulere til auka fagleg samarbeid med utanlandske lærestader og utvekslingsopphald for tilsette.**

For å styrke internasjonalt fagleg samarbeid er det ein føresetnad at fagtilsette får høve til å byggje internasjonale nettverk. Dette vil få auka merksemd i 2012 når den nye organiseringa er på plass. Arbeid med sikte på akkreditering av eigne masterstudium har gitt auka forståing for at høgskulen sine fagtilsette treng rammer som stimulerer til sterkare internasjonalt samarbeid innan forsking og fagutvikling. Dette kan gjerast gjennom å invitere fleire forskarar til HiSF, og styrke samarbeid om publisering og datainnsamling.

**Styringsparameter 11**
**Høgskulen skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar for utanlandske lærestader.**

Høgskulen har tatt imot fleire gjestelærarar og forskarar gjennom året. Dei fleste kjem på bakgrunn av invitasjon frå HiSF. Dei får tilrettelagt opphaldet etter individuelle behov. Internasjonalt fagleg samarbeid er ofte knytt opp til stipendiatane sine prosjekt, og internasjonale forskarar vert nytta til undervisning i einskilde fag.

**Styringsparameter 12**
**Studium og emne på engelsk skal så langt mogleg integrerast i ordinære studieprogram.**

Målet har vore å stø opp om tettare kontakt og integrasjon mellom gjestestudentar og ordinære studentar ved felles undervisning. Det kan og vere god ressursutnytting når talet gjestestudentar er relativt lågt. Dette har vore vellukka for eit par utdanningar der engelskspråklege semesterprogram er integrert i ordinære bachelorgrader. Fleire studium er av faglege grunnar utvikla som sjølvstendige einingar med undervisning på engelsk. Dei rekrutterer flest utanlandske studentar, men høgskulen har og døme på god rekruttering av norske studentar til eit engelskspråkleg semesterprogram.

**Styringsparameter 13**
**Alle gradsstudentar skal ha tilbod om å ta ein del av utdanninga ved ein samarbeidsinstitusjon i utlandet.**

Det er lagt til rette for delstudium i utlandet i studieplanane og gjennom avtalar for dei aller fleste studieprogramma. Av og til er det ikkje samsvar mellom kvar studentane ønskjer å reise, og dei avtalane høgskulen har. Høgskulen har gode rutinar for kvalitetssikring av avtalar og innpassing av delstudium tatt i utlandet. Høgskulen ønskjer å utvikle gode tilbod om studentutveksling for dei nye GLU-utdanningane. Det vert og arbeidd med avtalar for mobilitet i dei nye masterutdanningane høgskulen ønskjer å etablere.

**Styringsparameter 14**
**Høgskulen skal utvikla internasjonale campus i Sogndal og Førde.**

Høgskulen har engasjert ein internasjonal miljøkoordinator og forsterka ordninga med student-buddies i Sogndal og Førde. Det vert planlagt ein eigen internasjonal møteplass i det nye Høgskulebygget. Studentorganisasjonane har tatt eit større ansvar for integrasjon av internasjonale studentar i studentmiljøet gjennom erfaringsutveksling, internasjonal temakveld på Meieriet og studentbaserte turgrupper. Kvotestudentane utgjer ei spennande og utfordrande studentgruppe. Høgskulen vurderer å lage ein open dag der nye innvandrarar og busette flyktningar i området vert invitert til høgskulen.

# Sektormål 2

## Universitet og høgskular skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

### Innleiande merknader/vurderingar.

Målt med kvantitative resultatmål har fou-verksemda ved HiSF i 2011 (og 2010) vore på det jamne. Vi har hatt ein liten vekst i publikasjonspoenga, vi har fått nokre nye NFR-finansierte forskingsprosjekt, vi har hatt god gjennomstrøyming av doktorgradsstudentar og vi rekrutterer godt innanfor nokre viktige fagområde. Siste året har vi fått fire interne opprykk til dosent ved HiSF, vi har rekruttert ein professor utanfrå til helsefag (den aller første), i fleire fag har vi tilsett søkjarar som alt har ein doktorgrad.

Suksesshistoria vår er særleg knytt til arbeidet med fornybar energi – eit område der ein har vore særs heldig med timinga og hatt veldig sterk støtte frå dei lokale kraftselskapa. Vi har i løpet av få år utvikla eit forskingsprogram (og eit godt rekrutterande bachelorstudium) i fornybar energi. Her har vi no sju stillingar: éin professor, fem doktorgradsstudentar og ei kvalifiseringsstilling for professor. I tillegg er ca. 15 andre fagfolk (i landskapsøkologi, geologi og økonomi) ved HiSF engasjerte i undervisning og forskingsaktivitetar i fornybar energi. Denne nye fagaktiviteten har vore stimulerande for og i fleire etablerte fagmiljø ved Høgskulen. Vi er med i det nasjonale forskingssenteret Censes, som i 2011 var valt ut som eitt av tre sentra for forsking på miljøvennleg energi med finansiering frå NFR. Vi kom i 2011 også med i eit EU-finansiert prosjekt om regional utvikling og fornybar energi. Samla sett er denne forskingssatsinga finansiert med nesten 30 mill. kroner frå energiselskapa i regionen, frå regionale utviklingsmidlar, frå ein regional bank og frå forskingsrådet. Vi har samarbeidd med Vestlandsforsking om utviklinga av denne satsinga. Vi har no starta samtalar med energiselskapa i regionen om vidareføring av nye prosjekt.

På den andre sida kunne vi ha oss ønskt sterkare vekst i publikasjonspoenga, og betre utteljing i fleire NFR-program. Samtidig ser vi at ei langvarig satsing på utvikling av gode og sterke fagmiljø ber resultat, bl.a. på idrettsfeltet, det vi har hatt langsiktig finansiering frå fylkeskommunen til fagleg utviklingsarbeid. Vi ser noko av det same innanfor helsefeltet. Det har òg kome i stand eit samarbeid mellom idretts- og helsefag om helse- og livstilsstilsforsking med vekt på fysisk aktivitet, overvekt og ulike typar intervensjonar. Vi har òg etablert Senter for helseforsking saman med Helse Førde, eit organisatorisk tiltak som ber faglege frukter.

I 2011 har vi òg gjort avtale med fylkeskommunen om eit langvarig arbeid med fylkessoga for Sogn og Fjordane. HiSF har hovudansvaret for dette arbeidet, som vi utfører saman med forskarar frå HiVolda og ein professor i historie (prosjektleiar) frå NTNU. For historikarmiljøet vårt er dette ei fin utfordring. Høgskulen går òg inn med ein eigeninnsats i dette prosjektet.

*Internasjonalisering og fou.*
HiSF har så langt ikkje utforma ein eigen eksplisitt strategi for internasjonalisering i og av fou-arbeidet. Men i dei fleste av forskingsgruppene våre arbeider ein med å spreie

forskingsarbeidet internasjonalt i form av publisering på engelsk i internasjonale tidsskrift, delta på internasjonale konferansar/workshop/kongressar, vedlikehalde og knytte forskingskontaktar internasjonalt. Særleg hos dei mest forskingsaktive er dette eit kontinuerleg arbeid. Vidare er det svært viktig for oss å ha dyktige samarbeidspartar, i større og fagmiljø både andre stader i Noreg og, ikkje minst, i utlandet. Dette er vi heilt avhengige av. Denne type kontaktar er heilt nødvendig for oss på dei felt der vi vil konkurrere med dei beste fagmiljøa innanfor våre respektive område

I aukande grad tek doktorgradsstudentane våre eit utanlandsopphald på eit halvt eller heilt år. Vi dekkjer ekstrakostnadene ved slike opphald. Talet på tilsette med forskingsopphald i utlandet er derimot stabilt (for) lågt.

*Utvikle og konsentrere fou-innsatsen.*
HiSF etablerte for nokre år sidan ei ordring der vi peikte ut nokre forskingsgrupper med eigne forskingsleiarar på fem ulike faglege område. Institusjonsnivået har gitt midlar tilsvarande ei 25 pst. stilling som forskingsleiar til desse fem, etter kvart, seks områda. På det eine av desse område, helseforsking, har vi etablert Senter for helseforsking saman med Helse Førde. Stillinga som forskingsleiar ved senteret vert finansiert med 50 pst av kvar av HiSF og HF. Denne ordninga har vore diskutert ved fleire høve, men det har vore liten vilje til å endre strukturen, dersom dette fører til reduserte løyvingar for nokon av desse seks områda.

Arbeidet med å vurdere ei spissing av forskingsinnsatsen ved å velje ut 1-3 forskingsmiljø som skal på spisskompetansemidlar frå institusjonen, kjem på dagsorden no etter at OU-prosessen har endra på fagleg-administrative fou-organiseringa ved HiSF. Det er tilsett viserektor for fou og lyst ein stilling som rådgjevar for fou i 2011 for å styrke fou-verksemda ved HiSF.

*Gjennomstrøyming i forskarutdanning og rekruttering.*
I 2011 hadde vi fem tilsette som disputerte for doktorgraden, fire av desse hadde fått doktorgradsutdanninga si mens dei arbeidde ved HiSF. Siste åra har vi hatt 3-4 studentar per år som har disputert. Fleire enn før gjer seg ferdige med doktorgradsarbeidet på normert tid. I nokre fag, m.a. økonomiske fag, har det vore vanskeleg å rekruttere stipendiatar. Men rekrutteringssituasjonen generelt har betra seg, slik at vi i fleire fag enn før rekrutterer personale med ferdig eller nesten ferdig doktorgrad. M.a. gjeld dette innanfor idrettsfag og dei fleste naturfaga. Men også for profesjonsutdanningane har rekrutteringa betra seg siste åra. Det gjeld òg historie og samfunnsfag.

*Regionalt forskingsfond.*
Vi engasjerte oss betydeleg i arbeidet med Regionalt forskingsfond for Vestlandet i 2010. Vi fekk då også tilslag på éin hovudprosjektsøknad. Det er eit prosjekt som skal studere bruk av IKT som verkemiddel i arbeidet med å integrere innvandrarar. Kommunenes Sentralforbund, fleire kommunar i fylket, fylkesmannen, fylkeskommunen, IMDI og NAV stiller opp med midlar og eigeninnsats. I 2011 var vi mindre aktive, noko som òg har samanheng med kva utlysingane til RFF-Vestlandet hadde som tema. Vi sendte éin søknad om forprosjektmidlar. Denne vart ikkje innvilga.

## Verksemdsmål 2.1
## Universitet og høgskular skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og samfunnet elles.

**Styringsparameter 1**
**Publikasjonspoeng per stilling skal vere minst like høg i 2011 som i 2010. NFR-midlar per stilling skal aukast med minst 50 pst.**

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultatmål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Publikasjonspoeng per stilling | 0,12 | 0,19 | 0,21 | 0,21 | 0,26 |
| (Publikasjonspoeng i alt) | 20,6 | 34,9 | 38,7 | 41 | 50 |
| NFR-tildeling per stilling (kroner) | 18.958 | 17.011 | 10.300 | 8.162 | 20.000 |
| NFR-løyving i alt (1000 kroner) | | 3.079 | 1.751 | 1.567 | 3.400 |
| EU-tildeling per stilling (kroner) | 923 | 3.033 | 0 | 0 | 0 |

*(Publikasjonspoeng for 2011 er førebels tal)*

Den førebels oppteljinga av publikasjonspoeng viser ein svak auke frå 2010 til 2011. Resultatmålet for 2011 var sett svært høgt, på bakgrunn av at dei førebels publikasjonstala for 2010 var svært gode (45 poeng). Auken i 2010 og 2011 har vore lågare enn ønskt. Naturfaga våre har ein stabil produksjon av publikasjonspoeng. I andre og større fagmiljø er produksjonen varierande. NFR-tildelinga har også gått noko ned, sjølv om vi i 2011 har kome med i to nye NFR-prosjekt (landskapsøkologi). I eitt av desse har vi sjølve prosjektleiinga. Vi kom i 2011 med i eit EU-prosjekt innan Fornybar energi, men det har ikkje vore utbetaling i dette prosjektet enno.

**Styringsparameter 2**
**Høgskulen skal leggje større vekt på forskingskompetanse ved utlysing av og tilsetjing i faglege stillingar og lyse ut fleire toppstillingar.**

Talet på tilsette med doktorgrad har auka betydeleg i 2011. Dette fordeler seg på fleire fagmiljø. Avdeling for helsefag har fått tilsett sin første professor i full stillingar.

**Styringsparameter 3**
**Høgskulen skal leggje til rette for at dyktige fagfolk på førstenivå kan få kvalifisere seg til toppstillingar som professor og dosent, mellom anna ved å arbeide for at vi får høve til å omdisponere eit stipendiatstilling til stilling som postdoktor.**
Siste året fekk fire tilsette ved HiSF opprykk til stilling som dosent. Vi har no i alt seks dosentar. To tilsette arbeider med kvalifisering til opprykk til stilling som professor, med eksterne midlar (Helse Førde (helsefag) og Regional utviklingsmidlar (fornybar energi)).

**Styringsparameter 4**
**Høgskulen skal utvikle og setje i verk ei ordning som premierer dei som publiserer.**
Fagmiljø er flinke å leggje ut informasjon på heimesida vår når tilsette publiserer vitskaplege artiklar, og markerer dette også på andre måtar. Vitskapleg publisering er òg eit viktig kriterium for tildeling av fou-ressurs ved alle avdelingane. Høgskulen har ein eigen fou-pris, som skal tildelast annakvart år. Vi har ikkje sett i verk ei eiga premieringsordning på institusjonsnivå for vitskapleg publisering.

**Styringsparameter 5**
**Høgskulen skal sørgje for god oppfølging av handlingsplanen for støttesystem for fou.**
Fou-utvalet vedtok ein slik handlingsplan i 2010. Planen omfattar tiltak for ulike støttesystem som bibliotek, pc-støtte, meldeplikt/konsesjonar, språkvask, elektronisk publisering, vevsider for fou, mm. Planen fungerer som ei god hugseliste for at god forsking krev god tilrettelegging på mange område. Vi har ikkje arbeidd særskilt med utvalde punkt på denne lista i 2011, men dette arbeidet vil bli teke opp i 2012no etter at OU-prosessen er fullført.

**Styringsparameter 6**
**HSF skal utarbeide eller vere part i utarbeiding av fleire søknader til Noregs forskingsråd, og oppnå tilslag på minst éin søknad.**
Vi var part i mange NFR-søknader i 2011. Dei fleste av desse søknadene hadde andre institusjonar i rolla som prosjektansvarleg/prosjekteigar. Vi har fått innvilga éin søknad i NFR-programmet Miljø 2015 innanfor landskapsøkologi. Vi blei òg, saman med Vestlandsforsking, utførande forskingsinstitusjon i eit VRI-prosjekt om innovasjon i Sogn og Fjordane. Gjennom forskingsnettverket Censes (fornybar energi) har vi frå 2011 fått NFR-midlar til éi stipendiatstilling.

**Styringsparameter 7**
**Høgskulen skal revidere satsingsområda for fou med særleg vekt på å styrkje forskinga knytt til dei sentrale utdanningsområda våre, og i tillegg få fram eitt eller fleire forskingsfelt på spisskompetansenivå.**
Denne revisjonen vart utsett pga omlegging til ny intern fou-organisering frå 2012.

**Styringsparameter 8**
**Høgskulen skal gje prioritet til forskingssamarbeid i UH-nett Vest innanfor dei områda nettverket har valt ut for samarbeid.**
Vi har delteke aktivt i forskingsgruppene innanfor dei seks samarbeidsfelta i UH-nett Vest.

**Vurdering av måloppnåing, verksemdsområde 2.1.**
Publikasjonsmålsetjinga for 2011 var sett opp på basis av førebelse og høge tal om publikasjonspoeng for 2010, og viste seg urealistisk. Vi har justert målsetjinga no, men tilsette ved HiSF publiserer for lite samanlikna med det som vert publisert ved andre høgskular i same storleik. Høgskulen har lagt vekt på planar både for publisering og anna fou-verksemd, men bør og sjå vidare på andre mekanismar for å auke publiseringa i høgskulen generelt. Vi var partner i mange søknader til NFR i 2011, men utteljinga var dårleg og høgskulen vil halde fram med å sende søknader til NFR-program.

## Verksemdsmål 2.4

## Dei statlege høgskulane har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forsking, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane. Samtidig skal dei statlege høgskulane innrette forskingsinnsatsen sin slik at dei oppnår resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde dei tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forsking og utviklingsarbeid.

**Styringsparameter 1**
**Talet på avlagte doktorgrader skal vere minst fire, og to av dei skal ha opptak fem år eller mindre før disputas.**

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultatmål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Talet på uteksaminerte dr.gradskandidatar per vitskapleg årsverk | 0,018 | 0,018 | 0,018 | 0,021 | 0,021 |
| Uteksaminerte kandidatar | 3 | 3 | 3 | 4 | 4 |
| Andel uteksaminerte dr.gradskandidatar av opptekne personar på dr.gradsutdanning fem år tidlegare | - | - | 33 pst | 50 pst | 50 pst |

Fire av våre eigne kandidatar disputerte for doktorgraden i 2011. Det var to i helsefag, ein i idrett og ein i økonomifag. Éin av dei fire var kvinne (i helsefag). To av dei fem som disputerte, hadde hatt opptak på doktorgradsutdanning i mindre enn fem år. Vi har hatt jamt god gjennomstrøyming av doktorgradskandidatar siste åra.

*Nye doktorgradsavtalar, heile 2011*

| Studium | Finansiert over institusjonens grunnbudsjett | | Finansiert over Noregs forskingsråd | | Finansiert over andre kjelder | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Totalt | Kvinner | Totalt | Kvinner | Totalt | Kvinner |
| | | | | | | |
| Samfunnsfag | 2 | 1 | | | | |
| Helsefag | 1 | 1 | | | | |
| Økonomi | | | 1 | | | |
| **Totalt** | **3** | **2** | **1** | | | |

Det vart i 2010 inngått i alt fire nye doktorgradsavtalar. Tre av desse gjeld stillingar tildelte av KD. Den fjerde er ei stilling som vert finansiert av NFR gjennom forskingsnettverket CenSES, eit nasjonalt forskingsnettverk for miljøvennleg energi, der HiSF er ein av partnerane.

*Samtlege doktorgradsavtalar, haust 2011*

| Studium | Finansiert over institusjonens grunnbudsjett | | Finansiert over Noregs forskingsråd | | Finansiert over andre kjelder | | I alt | Avtalar eldre enn 5 år |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Totalt | Kvinner | Totalt | Kvinner | Totalt | Kvinner | | |
| Ped/didaktikk | 3,5 | 2,5 | 0,5 | 0,5 | | | 4 | 1 |
| Helsefag | 3 | 3 | | | | | 3 | |
| Økonomiske fag | 1 | | | | | | 1 | |
| Sosialfag | 2 | 2 | | | | | 2 | 1 |
| Samfunnsvitsk. fag | 5 | 3 | 1 | | 1 | 1 | 7 | 1 |
| Idrettsfag | 2,5 | 0,5 | | | 0,5 | 0,5 | 3 | |
| Mat/nat-fag | 1 | | | | | | 1 | |
| Medisinske fag | 0,5 | 0,5 | 0,5 | | | | 1 | |
| Humanistiske fag | 1 | | | | | | 1 | |
| **Totalt** | **19,5** | | **2** | | **1,5** | | **23** | **3** |

Vi har no i alt 23 registrerte doktorgradsavtalar. 12 av dei 23 er kvinner. Dei siste åra er det mange kvinner som har disputert hos oss. Tre dr.gradsavtalar er eldre enn fem år.

*Avlagde doktorgrader i 2011*

| Studium | Finansiert over institusjonens grunnbudsjett | | Finansiert over Noregs forskingsråd | | Finansiert over andre kjelder | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | Totalt | Kvinner | Totalt | Kvinner | Totalt | Kvinner |
| Idrettsfag | 1 | | | | | |
| Økonomi | 1 | | | | | |
| Helsefag | 2 | 1 | | | | |
| **Totalt** | **4** | **1** | | | | |

Vi hadde fire disputasar i 2011 av eigne kandidatar. Dei fire var knytte til idrettsutdanning, sjukepleiarutdanning (2) og økonomifag.

**Styringsparameter 2**
**Talet på opprykk til førstelektor skal vere minst to.**
Vi hadde tre førstelektoropprykk i 2011; i pedagogikk, helsefag og ingeniørfag.

**Styringsparameter 3**
**Talet på nye doktorgradsavtalar skal vere minst fire.**
Det vart inngått fire nye doktorgradsavtalar i 2011.

**Styringsparameter 4**
**Høgskulen skal verte partnar i minst éin forskarskule på PhD-nivå.**
Dette har ikkje vore prioritert i perioden.
**Styringsparameter 5**

**Høgskulen skal få ekstern finansiering til minst to stipendiatstillingar.**
Ein av dei nye stipendiatane (fornybar energi) er finansierte gjennom forskarnettverket Censes. Vi har òg tilsett ein person i ei kvalifiseringsstilling for professor i fornybar energi. Stillinga er finansiert av regionale utviklingsmidlar.

**Styringsparameter 6**
**Talet på tilsette som går inn i strukturerte førstelektorløp, skal vere minst tre.**
I 2011 begynte 15 tilsette ved HiSF på eit førstelektorkurs i vitskapsteori som HiVolda har ansvaret for. Dei fleste av desse vil arbeide vidare med kvalifisering til opprykk som førstelektor. Det vert kvart år sett av ca. ein mill. kroner på institusjonsnivå til førstelektorkvalifisering.

**Styringsparameter 7**
**Høgskulen skal ha tildelt midlar frå Regionalt forskingsfond.**
Vi har prosjektansvaret for eitt RFF-prosjekt, tildelt i 2010. Vi har ingen nye RFF-prosjekt i 2011.

**Styringsparameter 8**
**Høgskulen skal medverke til utviklingsarbeid og kompetanseheving i regionen, med særleg vekt på dei store offentlege profesjonssektorane.**
Høgskulen har eit omfattande samarbeid og mange utviklingsprosjekt i lag med skuleverket i kommunane i fylket. Vi driv òg omfattande utdanningsverksemd over heile fylket. Vi er medskipar årleg til Sogn og Fjordane lærarstemna og Barnehagekonferaransen. Vi driv òg omfattande etterutdanning og kursverksemd overfor den kommunale helsetenesta i fylket.

**Styringsparameter 9**
**Høgskulen skal følgje opp tiltak for studentaktiv forsking og studentmedverknad i forsking i samarbeid med Studentparlamentet.**
Denne saka har vore følgt opp i utdanningsutvalet og fou-utvalet, men vil bli vidare satt i fokus i 2012 i begge utvala samt gjennom Tett På-konferansen mellom tillitsvalde representantar for studentane og leiarane ved høgskulen.

**Vurdering av måloppnåing, verksemdsområde 2.2.**
Vi har god måloppnåing på dette verksemdsområdet. Vi har god og stabil gjennomstrøyming blant doktorgradsstudentane våre i fleire år. Vi har ei jamn fordeling mellom menn og kvinner. Det er ei ulempe at vi ikkje kan tilby post.doc.-stillingar til ferdige stipendiatar. Vi har òg eit par opprykk til førstelektor per år, og mange som vil kvalifisere seg til førstelektor. Vi hadde òg fire opprykk til dosent i 2011. HiSF har elles lenge vore sterkt engasjert i utviklingsarbeid og kompetanseheving i regionen.

# Sektormål 3

## Universitet og høgskular skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forsking og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og medverke til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultata. Universitet og høgskular skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

### Innleiande merknader/vurdering.

*Entreprenørskap.*

Høgskulen i Sogn og Fjordane har lenge arbeidd medvite med entreprenørskap. Til grunn for arbeidet ligg ein særleg innsats av engasjert fagpersonale. Hos oss er dette arbeidet knytt til lærarutdanninga. Arbeidet vårt har sitt grunnlag i REAL (”Rural Entrepreneurship through action learning”), eit amerikansk erfaringsbasert og elevaktivt pedagogisk verkty i entreprenørskap, som Høgskulen i Sogn og Fjordane har omsett og tilpassa norske forhold i samarbeid med skular og barnehagar. Vi har utvikla materiale for barnehage, grunnskule og høgskule/universitet og lokalsamfunn. Vi har inkludert entreprenørskap og REAL i grunnopplæringa i allmennlærarutdanninga og PPU, og tilbyr fleire vidareutdanningstilbod i rettleiing og entreprenørskap. Vi har òg utvikla eit treårig studium i handverk og design med vekt på entreprenørskap, som vi arbeider med å få eksternt finansiert. Eit studietilbod i ”Samfunnsfag med vekt på digital formidling og entreprenørskap” vart sett i gang hausten 2010 med 18 deltakarar frå kulturliv, media, skule og landbruk.

Høgskulen har dei siste åra utvikla nært samarbeid med ulike internasjonale aktørar når det gjeld entreprenørskap. Forst og fremst gjeld dette Georgia REAL og Dr. Paul DeLargy, som er grunnleggaren av REAL. Han har gjeve oss rettar til omsetjing og bruk av REAL-materialet på alle nivå. Det er utvikla samarbeid med Kalundborg kommune på Sjælland, og utdanningsministeriet i Skotland. Det er òg sett i gang arbeid med å utvikle studentbedrifter ved høgskulen knytt til idrettsstudiet og ingeniørstudiet. To barnehagar i fylket er òg med i ei entreprenørskapssatsing saman med høgskulen. I samarbeid med Innovasjon Noreg har vi utvikla to kurs for gründerar; Fjord Innovasjon og Alkymisten. Vi har dei seinare åra hatt eit tett samarbeid med praksisfeltet i utprøving og utvikling av entreprenørskap og REAL. Samarbeidet med Ungt entreprenørskap i fylket har vore eit bærande element i dette arbeidet.

*Formidling.*
Høgskulen hadde i 2010/2011 tilsett ein trainee gjennom organisasjonen Framtidsfylket AS, som arbeidde med forskingsformidling. Ho som var tilsett i stillinga, gjorde godt arbeid og bidrog til å gje formidlingsarbeidet med HiSF ein kveik i nokre av fagmiljøa våre, m.a. ved helsefag, idrett og naturfag. Vi har i løpet av denne tida vorte betydeleg flinkare med informasjon om pågåande forsking, nye forskingsprosjekt og viktige publiseringar, og å drive rettleiing og hjelp med formidling kring dette. Vi har òg hatt eit godt samarbeid med dei to største lokalavisene om kronikkar.

Vi skipa i 2011 til ein internt medieseminar med gode og inspirerande innleiarar. Vi har òg vorte medlem av nettstaden www.forsking.no. Nokre blogginnlegg frå HiSF-forskarar har alt

kome på denne nettstaden. Forskingsprogrammet Fornybar energi er no faste bloggarar på Forsking.no, under namnet ”De fornybare”.

*Open Access.*
Høgskulens opne arkiv Brage har som målsetjing å gjere forskinga ved skulen meir synleg og tilgjengeleg for alle. I HSF Brage finn ein dette:

- HSF sin skriftserie, dvs. Notat og Rapportar
- Tidsskriftsartiklar frå tilsette
- Tilsette sine doktoravhandlingar
- Masteroppgåver
- Bacheloroppgåver (utval)

Arbeidet med Brage har i 2011 vorte lågare prioritert av pga av meirarbeid i samband med overgangen frå Forskdok til CRISTIN.

*BOA-verksemd*

| *Tal i tusen kr* | **2011** | **2010** |
|---|---|---|
| Oppdragsfinansiert aktivitet | 7 788 | 8 587 |
| Bidragsfinansiert aktivitet | 13 988 | 16 063 |
| Samla inntekter | 21 776 | 24 650 |

Tabell 1 ovanfor viser at den samla inntekta for eksternfinansiert verksemd i 2011 var 21,8 mill kroner, medan den i 2010 var 24,7 mill kroner. Dette er naturlege variasjonar i oppdragsmengda over tid, men høgskulen vil jobbe aktivt for å auke oppdragsmengda på eit stabilt nivå på over 25 mill kroner i åra som kjem.

*Immaterielle rettigheiter.*
Høgskulen har ikkje sett i gang arbeidd med å utvikle retningslinjer for immaterielle rettigheitar. Dette arbeidet ynskjer ein å ta tak i saman med andre institusjonar innanfor UH-sektoren, og gjennom samarbeidet i UH-nett Vest.

## Verksemdsmål 3.1
## Universitet og høgskular skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultata frå forsking og utviklingsarbeid.

**Styringsparameter 1**
**Høgskulen skal arbeide vidare med å styrkje formidlingsarbeidet ved å utvikle ordningar som stimulerer allmennretta formidling og til meir aktiv deltaking i det offentlege ordskiftet.**

Vi har hatt god merksemd på formidlingsarbeidet i 2011. Heile året hadde ein trainee som arbeidde særskilt med dette feltet, og som både gjennom heimesidene, lokalmedia og andre tiltak på ein godt måte har gjort forskingsprosjekt/-aktivitetar/-resultat kjende for eit større publikum. Vi skipa til eit eige medieseminar med god deltaking og både nasjonale og lokale innleiarar. Vi har òg meldt oss inn og vorte deleigar i nettstaden www.forsking.no.

**Styringsparameter 2**
**Høgskulen skal delta aktivt i Forskingsdagane 2011.**

Vi deltok i Forskingsdagane med ulike typar tilskipingar. Fagmiljøa i Førde, særleg Avdeling for helsefag, var spesielt aktive med bl.a. forskingstorg, pubquiz og fagkonferanse. Vi hadde òg eit kronikksamarbeid med lokalavisene under Forskingsdagane

**Styringsparameter 3**
**Høgskulen skal stimulere og leggje til rette for dei som vil skrive gode lærebøker.**
Vi har ikkje hatt spesielle tiltak på dette feltet i 2011.

**Styringsparameter 4**
**Høgskulen skal skipe til seminar om forsking og media.**
Vi skipa til eit medieseminar i mars 2011 med innleiarar m.a. frå NRK, Bergens Tidende, Firda, forskning.no og fleire eigne tilsette.

**Styringsparameter 5**
**Høgskulen skal utvikle nye internettsider for fou-verksemda.**
Det har vorte arbeidd på utvikling av nye heimesider for fou, og dette arbeidet vil prioriterast vidare i 2012.

**Styringsparameter 6**
**Høgskulen skal setje i verk ein ny kommunikasjonsstrategi.**
Kommunikasjonsstrategien for høgskulen vart vedteken av HiSF-styret i november 2011.

**Styringsparameter 7**
**Høgskulen skal stimulere til aktiv bruk av Brage og andre opne arkiv for publikasjonar.**
Høgskulen har i liten grad greidd å prioritere arbeidet med HSF Brage. Det nye systemet for forskingsregistrering, CRISTIN har kravd den arbeidstida som tidlegare vart brukt på Brage. Høgskulen ser fram til at det på nasjonalt nivå vert utvikla løysingar for innlevering av fulltekstfiler til dei institusjonelle arkiva via CRISTIN.

**Styringsparameter 8**
**Høgskulen skal saman med institusjonane i UH-Nett Vest og eventuelt Vestlandsforsking, starte arbeidet med å lage eigne retningslinjer for immaterielle rettar og opphavsrett.**
UH-nett Vest har ikkje prioritert dette arbeidet i 2011.

**Styringsparameter 9**
**Høgskulen skal aleine og saman med andre skipe til faglege konferansar retta mot arbeids- og samfunnslivet i Sogn og Fjordane.**
Vi har skipa til og vore medarrangør for fleire slike store årlege konferansar; Sogn og Fjordane Lærarstemne, Barnehagekonferansen, Næringskonferansen, Førdekonferansen (i tilknyting til Førdefestivalen). Konferansane er nyttige arenaer for å møtast, og samarbeidet kring konferansen byggjer viktige band mellom til involverte aktørane.

**Vurdering av måloppnåing, verksemdsområde 3.1.**
Vi har god måloppnåing når det gjeld formidlingsarbeid etter prioritert innsats på dette feltet siste par åra. Vi vil leggje vekt på å vidareføre dei gode erfaringane. HiSF er framleis ein aktiv medspelar når det gjeld konferansar retta mot arbeids- og samfunnslivet i fylket.

## Verksemdsmål 3.2
## Universitet og høgskular skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.

**Styringsparameter 1**
**Høgskulen skal stabilisere omfanget av eksternt finansiert verksemd i 2011 på 2010-nivå.**

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultatmål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 (BOA) | 2009 (BOA) | 2010 (BOA) | 2011 (BOA) | 2012 (BOA) |
| Oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet i forhold til samla driftsinntekter | 6,7 pst. | 9,8 pst. | 8,6 pst | 7,4 pst | 8,3 pst |
| Samla oppdrags- og bidragsfinansiert aktivitet i 1000 kroner | 17 526 | 23 250 | 20 527 | 21 776 | 25 000 |
| Talet på mottekne forretningsidear | - | - | - | 0 | 1 |
| Nyoppretta selskap baserte på talet på mottekne forretningsidear | - | - | - | 0 | 1 |

(BOA i forhold til samla driftsutgifter reknar ikkje med eingongsløyving i 2011 på 53,7 millionar kroner øyremerka til utstyr i nytt høgskulebygg.)

Som tabellen viser, har vi stabilisert BOA-inntektene på eit nivå i overkant av 20. mill kroner. Vi har ikkje nådd den langsiktige målsetjinga om at desse inntektene skal utgjere 10 pst. av samla driftsinntekter.

**Styringsparameter 2**
**Høgskulen skal starte arbeide med ei samfunnskontrakt som klargjer høgskulens rolle i kunnskapsutvikling regionalt.**
Det arbeidet har ikkje vore prioritert i 2011.

**Styringsparameter 3**
**Høgskule skal medverke til nyskaping og innovasjon basert på resultat av forsking og utviklingsarbeid innanfor sektorar der HSF har fagleg kompetanse.**
I VRI Sogn og Fjordane har det vorte arbeidd med utvikling og nyskaping i næringsliv og bedrifter. Høgskulen har eit særleg ansvar for reiselivsdelen av VRI i fylket. Kompetansemekling har vore det viktigaste hjelpemiddelet. Forskingssøknaden i vidareføringa av VRI-programmet frå 2011 dreier seg om innovasjonssystem i fylket vårt, og er eit samarbeid mellom forskarar ved høgskulen og Vestlandsforsking. Utvikling av forskingsprogrammet i fornybar energi i meir næringslivretta retning har klare innovative trekk.

I 2011 har HiSF og VF saman med sentrale regionale aktørar arbeidd med prosjektet ”Eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane”. Prosjektet er ein avleggjar av det nasjonale prosjektet ”Et kunnskapsbasert Norge”, som var leia av professor Torger Reve. Reve har vore med i styringsgruppa for vårt prosjekt. Resultata frå Sogn og Fjordane-prosjektet vart lagt fram 12. januar 2012, og dannar grunnlag for utvikling av nye tiltak der HiSF vil vere sterkt engasjert.

**Styringsparameter 4**
**Høgskulen skal ivareta rolla som regional utviklingsaktør ved å styrkje forsking og utviklingsretta arbeid mot regionen.**

Rolla som regional utviklingsaktør vert ivareteken på ulike måtar. I lærarutdanninga er dette knytt til utviklings- og etterutdanningstiltak i skuleverket, ved sjukepleie- og sosialarbeidarutdanningane er det knytt til vidareutdanningar i samarbeid med kommunane. RFF-forskingsprosjektet vårt (samarbeid med Vestlandforsking) ser på bruken av IKT i det utfordrande arbeidet med å integrere flyktningar i utvalde kommunar i fylket.

**Styringsparameter 5**
**Høgskulen skal leggje til rette for eigne studentbedrifter.**

Eit studietilbod i "Samfunnsfag med vekt på digital formidling og entreprenørskap" vart sett i gang hausten 2010 med 18 deltakarar frå kulturliv, media, skule og landbruk. Det vert undervist i entreprenørskap og REAL i grunnopplæringa i allmennlærarutdanninga og PPU. Alle nye studentar på allmennlærar studiet får innføring i entreprenørskap og REAL den fyrste studieveka. Det har vore etablert pilotprosjekt med studentbedrifter, knytt til ingeniørfag og friluftslivsstudiet.

**Styringsparameter 6**
**Høgskulen skal samordne arbeidet med søknader om eksterne midlar.**

HiSF har gode erfaringar med å søkje og å få tilskot frå ulike regionale samarbeidspartar. Men har hatt lite utvikla rutinar når det gjeld institusjonell koordinering av dette arbeidet. Vi har utvikla betre rutinar som skal sikre slik koordinering.

**Styringsparameter 7**
**Høgskulen skal prioritere og halde fram samarbeidet innanfor UH-Nett Vest.**

Samarbeidet innanfor UH-nett Vest har vorte omfattande etter kvart, og fagfolk og leiarar frå alle avdelingane våre er involverte i arbeidet.

**Vurdering av måloppnåing, verksemdsområde 3.2.**

Vi har halde oppe den mangeårige og høge aktiviteten når det gjeld entreprenørskapsopplæring med tilknyting til skulen. På ulike andre måtar bidreg også høgskulen til arbeidet med innovasjon og nyskaping i fylket. VRI-prosjektet, Eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane og Fornybar energiprogrammet styrkjer dette arbeidet.

Vi samarbeider godt med arbeids- og næringsorganisasjonar i fylket. Når det gjeld etter- og vidareutdanning og inntekter herifrå har vi siste åra utvida det geografiske området, med mellom anna leiarutdanning for skule- og helsesektoren i Bergen kommune.

# Sektormål 4

## Høgskulen skal organisere og drive verksemda si på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogeleg ivareteke innafor ramma av disponible ressursar.

I 2011 har høgskulen prioritert å utvide kapasiteten på eksisterande studium for å auke studentrekrutteringa, utvikle og etablere mastergradsutdanningar og å styrke bachelorutdanningane.

Det er stort fokus på å auke forskinga i HiSF i samsvar med strategisk plan. Gjennom OU-prosessen vart det oppretta stilling som viserektor for FoU. Stillinga som trainee som vart oppretta for å styrke FoU-arbeidet, er vidareført som fast stilling i 2011.

Ou-prosessen resulterte også i at vi gjekk frå fem avdelingar til fire og oppretta åtte nye institutt leia av instituttleiarar med fagleg og administrativt ansvar. Målsettinga er å utvikle god fagleg leiing, utvikle og integrere forsking og utdanning og styrke personalleiarfunksjonen med eit tydeleg leiarskap på grunnivået.

Administrative tenester er organisert i tverrgåande team knytta til funksjonsområde. Dette vil sikre felles rutinar og prosedyrar, gi mindre sårbarheit og gje ei effektivisering av arbeidet ved at vi sanerer dobbeltarbeid.

Høgskulen har prioritert arbeidet med informasjonstryggleik i 2011. Dette er omtalt under særskilt rapportering.

### Verksemdsmål 4.1
### Høgskulen skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Ei god og effektiv forvaltning av ressursane omfattar heile verksemda til høgskulen; det handlar om god bruk av økonomiske midlar, om å rekruttere og utvikle dei tilsette sin kompetanse, skape godt arbeidsmiljø slik at det institusjonen skal yte av tenester som undervisning og forsking, held høg kvalitet, og å ha god infrastruktur.

**Styringsparameter 1**
**Høgskulen skal halde fram med å ha god økonomistyring og god kontroll på utgiftene.**
Årsoppgjeret for 2011 viser at driftsnivået i høgskulen er i samsvar med budsjettet. Samtlege einingar utanom ei avdeling, har balanse i økonomien.

**Styringsparameter 2-4**

| Kvantitative styringsparametrar | Resultat (tal i 1000) | | | Mål |
|---|---|---|---|---|
| | **2009** | **2010** | **2011** | **2011** |
| Driftsutgifter pr avlagde 60-studiepoengeinging | 143 | 138 | 134 | 138 |
| Driftsutgifter pr publikasjonspoeng | 7 371 | 7 230 | 7 228 | 7 230 |
| Forholdstal vitskaplege og administrative årsverk | 2,25 | 2,38 | 2,32 | 2,33 |

Ein reduksjon i effektivitetsmåla kan oppnåast på to måtar; ved nedgang i driftsutgiftene eller ved auke i produksjonen.

**Styringsparameter 2**
**Driftsutgifter pr avlagt heiltidsekvivalent skal haldast uendra i 2011.**

Driftsutgiftene pr studiepoengseining hadde ein nedgang på 2,8%.
Studiepoengproduksjonen auka med 8,6% frå 2010 til 2011.

**Styringsparameter 3**
**Driftsutgifter pr publikasjonspoeng skal haldast uendra i 2011.**

Driftsutgiftene pr publikasjonspoeng vart redusert med 1,6%. Publikasjonspoenga har auka med 6% i same periode.

**Styringsparameter 4**
**Forholdet mellom tal tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og tal tilsette i administrative stillingar skal vere 70/30.**

Høvestalet mellom vitskaplege og administrative årsverk som er på 2,33(70/30) i 2011, er ein parameter i budsjettmodellen og vert nytta som eit endringstal i budsjettering og planlegging.

## Vurdering av måloppnåing.

Høgskulen har i 2011 hatt ei positiv utvikling. Dette gav seg utslag også i ei positiv utvikling i effektivitetsmåla; driftsutgiftene pr studiepoengseining gjekk ned i 2011 og var kr 134 000 pr studiepoengseining. Dette er noko under nivået for høgskulane samla som er på kr 150 000 pr studiepoengeining i gjennomsnitt. Driftsutgiftene pr publikasjonspoeng gjekk også noko ned i 2011. Driftsutgiftene pr publikasjonspoeng var ved HiSF på kr 7 228 000, medan gjennomsnittet for høgskulane var på 4 560 000 kr pr publikasjonspoeng. Vi har ein lågare produksjon enn gjennomsnittet. Skal vi oppnå ei effektivisering over tid, må studenttalet og publikasjonspoenga auke meir enn kostnadsnivået.

Auka løyvingar har gjort at vi har kunne styrka høgskulen fagleg og administrativt. Den faglege styrkinga har gått til nye studium og til studium som har fått fleire studentar. Den administrative styrkinga har gått til prioriterte område som forsking/formidling, arkiv og til studieadministrativt arbeid. I 2011 er forholdet mellom tilsette i vitskaplege stillingar og administrative stillingar i samsvar med målet på 2,33. HiSF er ein effektivt driven høgskule. Tal frå dbh viser at gjennomsnittet for høgskulane ligg på 2,04.

Den økonomiske styringa av høgskulen er god. Økonomien er svært tett kopla til studieprogrammet. Avdelingane sine avsetnader er knytt til utsett aktivitet eller til strategiske tiltak som kompetanseheving, utvikling av studieprogrammet og mastergradssatsing. Avsettinga på institusjonsnivået er i hovudsak knytt inventar og utstyr i Høgskulebygget.

Høgskulen har høg fokus på god økonomistyring og nyttar i denne samanheng fleire modellar. Prognosemodellen visar konsekvensane av ulike strategiske og økonomiske vedtak. Realendringar og konsekvensar av studieprogram kjem tydeleg fram i modellen. HiSF har utvikla ein eigen ressursfordelingsmodell som koplar lønskostnader med faglig aktivitet.

Det å ha god styring på lønsutgiftene er avgjerande for å ha kontroll på økonomien. Budsjettmodellen til HiSF er eit godt planleggingsverkty i strategisk personalplanlegging. Vi arbeider med å systematisere dette betre gjennom å utvikle felles verkty som kan kople arbeidsplanar til årsverk og økonomiske rammer.

## Verksemdsmål 4.2
## Høgskulen skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

**Styringsparameter 1**
**Høgskulen skal arbeide for å oppnå jamn kjønsfordeling mellom kvinner og menn.**

Det er eit viktig mål å nå balanse mellom kvinner og menn på alle stillingsnivå og fagområde. Høgskulen har framleis ubalanse i kjønnsfordelinga mellom kvinner og menn innanfor fag og stillingskategoriar. For institusjonen totalt er prosentdelen kvinner på 57,7 % og avspeglar sannsynlegvis fagportefølgjen ved høgskulen som er dominert av fag der kvinner er i fleirtal. Likeeins er menn underrepresentert i dei administrative stillingane og i drift.

| **Kvantitative styringsparametrar** | Resultat (tal i %) | | |
|---|---|---|---|
| | 2009 | 2010 | 2011 |
| Prosentdel førstestillingar av totalt tal undervisnings-forskar og formidlingsstillingar | 33 | 35 | 36 |
| **Prosentdel kvinner, totalt og etter stillingskategori:** | | | |
| | | | |
| **Totalt** | 55,7 | 56,6 | 57,7 |
| Prosentdel kvinner i undervisning, forsking og formid | 50,1 | 49,3 | 50 |
| Prosentdel kvinner i dosent og professorstillingar | | | 25 |
| Prosentde kvinner i førstestillingar | 26,4 | 24,6 | 24,7 |
| Prosentdel kvinner i stipendiatstillingar | 36,7 | 45,8 | 53 |
| Prosentdel kvinner i driftsstillingar og reinhaldsstilling | 86 | 86 | 66,2 |
| Prosentdel kvinner i administratve stillingar | 64,4 | 67,9 | 71,6 |
| Prosentdel kvinner i leiande stillingar (leiargruppe og mellomleiarar) | 58 | 53 | 58 |
| | | | |
| Gjennomsnittleg sjukfråver pr år | 4,4 | 4,1 | 5,4 |

Høgskulen har nådd målet om å auke tal førstestillingar i 2011.

Vi har ein reduksjon i tal kvinner i førsteamanuensisstillingar, og ein auke i tal kvinner i førstelektorstillingar. Dette er små tal som gjer at endringar gir relativt store utslag. Vi er nøgde med den positive aukinga vi har på prosentdel kvinner i førstelektorstillingar.

Prosentdel kvinner i professor/dosent-stillingar er på 25 %. Dette er ein nedgang frå 2010, og skuldast at ei kvinne har slutta og vi har tilsett i fleire professor II-stillingar, og desse er menn.

**Utvida rapportering innan likestilling.**

HiSF har følgt opp nasjonale målsettingar om å fremje likestilling og hindre diskriminering.

Vi har nytta den foreløpige rapporteringsmalen som er utarbeidd av ei arbeidsgruppe nedsett av UHR, som tilfredsstiller dei krav som er sett gjennom aktivitets- og redegjørelsesplikten etter likestillings- og diskrimineringslova. Vi skal arbeide for å sikre likestilling, likeverd og like muligheiter, og hindre diskriminering med grunnlag i kjønn, etnisk bakgrunn og funksjonsnedsettingar.

Vi har konsentrert oss om talla for 2011.

Sjå eige vedlegg bak i dokumentet.

*1. Rapportering på leiing og styring.*
Likestillingslova § 21 inneheld bestemmelser om likestilling i styre, råd og utval som veljast eller oppnemnast.

HiSF har god kjønnsbalanse i styret og dei forskjellige utvala. I leiargruppa er det 33% kvinner.

*2. Rapportering på personal- og lønnsstatistikk.*
HiSF har rapportert på fyljande område:

- Kjønnsbalanse totalt i høgskulen og i ulike stillingskategoriar
  For kjønnsbalanse er det også vist ei fordeling på avdelingsnivå
- Gjennomsnittslønn totalt og i ulike stillingskategoriar fordelt på kjønn

Fyljande stillingsgrupperingar er nytta:

- Administrative stillingar
- Undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar

Innanfor gruppa administrative stillingar er det gjort greie for kjønnsbalanse og gjennomsnittslønn gruppert på fyljande måte:

- Leiartillingar
- Sakshandsamar

Innanfor gruppa undervisnings- og forskarstillingar er det gjort greie for kjønnsbalanse og gjennomsnittslønn gruppert på fyljande måte:

- Undervisnings- og forskarstillingar
- Førstestillingar og høgare, totalt
- Rekrutteringsstillingar
- Professor II

Datagrunnlag for kjønnsbalanse er henta frå SAP kor det er henta ut gjennomsnittslønn pr. stillingskode og årsverk, fordelt på kjønn pr. 01.10.

I HiSF er det fleire kvinner enn menn. Høgskulen har framleis ubalanse i kjønnsfordelinga mellom kvinner og menn innanfor fag og stillingskategoriar. For høgskulen totalt er delen kvinner på 58% (56,9 % i vedlegget i tabellen og inkluderar og personar i ulønna permisjon). Dette har sannsynlegvis samanheng med at fagporteføljen ved høgskulen er dominert av fag der kvinner er i fleirtal. Likeeins er menn underrepresentert i dei administrative stillingane og i drift.

*3. Faglig opprykk i undervisnings- og forskerstillingar.*
Vi har laga ein oversikt som viser tal menn og kvinner som har fått fagleg opprykk og kva opprykk dette dreier seg om. Det er også gjort greie for kjønnsfordeling i tal avlagde doktorgradar.
På førstenivå er det fleire menn som har fått opprykk. I 2011 ble det avlagt fem doktorgrader – ei av dei var kvinne.

*4. FOU- publisering.*
FoU-publisering er en viktig indikator ift. å vurdere korleis institusjonen jobbar med kvalifisering og tilrettelegging for forsking. Vi har gjort greie for den kjønnsmessige fordelinga. Tala er henta frå Cristin før rapporteringsfristen er gått ut, men vi antar at det likevel gir et representativt bilete.
Vi kan sjå at det er menn som publiserer mest. I 2011 hadde HiSF ei kvinne som publiserte på nivå 2.

*5. Rekruttering av medarbeidarar.*
Rekruttering av medarbeidarar er eit av dei viktigaste arbeidsområda for å oppå eit meir likestilt arbeidsliv både når det gjelder kjønnslikestilling og etnisk likestilling. Sjå vedlegg.

*6. Generelt om kompetanseutvikling og kvalifisering*
Systematiske kompetanseutviklings og kvalifiseringstiltak er grunnlaget for vidare karriereutvikling og faglige opprykk. Vi har rapportert på kor mange som deltar på kvalifiseringsprogram – førstelektor og masterprogram – fordelt på avdeling og kjønn. Data til denne oversikten er henta ut frå våre eigne oversikter.

**Styringsparameter 3**
**Tal kvinner i stipendiatstillingar skal vere minst 50 %**.

Vi har innfridd målsettinga om at minst 50% av HiSF sine doktorgradsstudentar skal vera kvinner.

**Styringsparameter 4**
**HiSF skal forbetre informasjon og oppfølging av nytilsette stipendiatar.**
Arbeidet med å betre oppfølginga av stipendiatar er i hovudsak ivareteke på avdelingsnivå.

**Styringsparameter 5**
**Høgskulen skal kunne tilby konkurransedyktige arbeidsvilkår for å behalde og rekruttere kompetanse.**

Høgskulen opplever ein positiv rekrutteringssituasjon innanfor dei fleste fag. Likevel ser vi at det framleis er vanskeleg å rekruttere til stillingar med førstekompetanse.

Lønsnivået i høgre utdanning heng etter lønsnivået hjå dei vi konkurrer med, det vere seg vidaregåande skule, helse- og sosialsektoren og næringslivet elles. Dette er eit problem som det er merksemd kring, og fører til at vi må bruke løn som eit rekrutteringsverkemiddel. Høg inngangsløn for nyrekrutterte, gir skeivheiter mellom dei som er ferske og dei med lang ansiennitet.

**Styringsparameter 6**
**Høgskulen skal tilby kurs i pedagogisk kompetanse til alle nytilsette i vitskaplege stillingar.**

Høgskulen har innført krav til formell pedagogisk basiskompetanse ved tilsetjing i fagstillingar, og tilbyr eit 15 studiepoeng kurs (3 kurs à 5 studiepoeng) i formidling og rettleiing i høgare utdanning. Hausten 2011 tok 16 fagtilsette eksamen i eit av delkursa.

Høgskulen arrangerer opplæring for nytilsette ved oppstart av haustsemesteret. Tema er rammer for tilsetjing i HiSF og arbeid i høgre utdanning samt pedagogiske utfordringar. Ved oppstart av vårsemesteret 2011 vart det halde ei oppfølging der tema var undervisning.

**Styringsparameter 7**
**Leggje til rette for at sjukefråveret ikkje overskrider 4-4,5%.**

Høgskulen hadde eit sjukefråvær på 5,42 i 2011. Sjukefråværet i HiSF har lege på 4 - 4,5% dei siste åra, (for 2009 var talet 4,3 % og for 2010 talet 4,15). Det samla sjukefråværet i HiSF er noko høgare enn målsettinga. Vi ser at det totale sjukefråværet for kvinner jamt over større enn for menn. Unntaket er drifts- og teknisk personale der menn har størst sjukefråvær, men det skal seiast at denne gruppa har fåe tilsette og eitt fråvær gir stort utslag.

HiSF har eit etablert system for oppfølging og tilrettelegging for sjukmelde. Ansvaret og utøvinga skjer lokalt, men i tillegg har vi ein person med spisskompetanse på området sentralt, som blir nytta som ressursperson. Dette sikrar ei lik oppfølging av sjukemelde i organisasjonen.

Det vart inngått ny IA-avtale i 2011. Amu har godkjent aktivitetsplan for IA arbeidet i HiSF, som inneber ulike tiltak for kvart av dei tre nasjonale måla i IA avtalen. Vi arbeider jamt med førebygging og oppfølging av sjukefråvær. HiSF har medlemskap for alle tilsette i bedriftshelseteneste. Denne tenesta vert spesielt nytta i førebyggingsarbeidet. I tillegg har vi tett samarbeid med NAV.

Høgskulen har tilrettelagt for at utsette grupper som ledd i førebyggingsarbeidet, kan trene i arbeidstida.

Vi har hatt stort sjukefråver i reinhaldsgruppa og det vart derfor etablert eit eige tilbod om trening for denne gruppa. Dei har fått støtte til treningsavgift og fri ein time i arbeidstida pr veka til trening. Kravet frå arbeidsgjevar er at dette skal skje for samla gruppe og fungere som eit eige miljøtiltak. For dei øvrige tilsette er det lagt opp til at alle kan trene i arbeidstida, men at det skjer i form av avspasering.

Det er halde opplæring for leiarar med personalansvar om IA arbeid og om reglar og rutinar for førebygging og oppfølging av sjukmelde arbeidstakarar.

Oppfølging av høgskulen sitt systematiske HMS arbeid vert følgt opp gjennom medarbeidarsamtalar og vernerunder. Det vert arbeidd med å styrke leiarane sin kompetanse på dette området.

**Styringsparameter 8**
**Bruk av mellombelse stillingar skal reduserast.**

| Kvantitative styringsparametre | Resultat i % | |
|---|---|---|
| | 2010 | 2011 |
| Prosentdel mellombelse stillingar, totalt og etter stilllingskategori **eksklusiv åremålsstillingar**: | 16,7 | 15 |
| | | |
| Sakshandsamings- og utgreiingsstillingar | 13,3 | 14,2 |
| Støttestillingar til undervisning, forsking og formidling | | |
| Undervisnings- og forskingsstillingar | 21,8 | 17,6 |

Styret handsama eiga sak om mellombelse tilsettingar i HSF i styremøtet i juni og gjorde følgjande vedtak (sak 11/47):

*"I tråd med signal frå etatstyringsmøtet ber styret om at HSF reduserar bruken av mellombels stillingar. Alle tilsettingssaker der ein tilset mellombels/engasjement skal innehalda ei vurdering av heimelsgrunnlaget. I tillegg ber styret rektor leggja opp til eit aktivt samspel mellom tillitsvalde og leiarar for å halda mellombels stillingar på eit minimumsnivå."*

Målet om å reduserer bruk av mellombelse tilsettingar har også vore tema på opplæringsseminar for leiarar og for sakshandmarar i 2011, og tema på drøftingsmøte med tillitsvalde.

**Styringsparameter 9**
**Utarbeide retningsliner for konfliktløysing.**

Retningsliner for handtering av konfliktar i HiSF blei *handsama i AMU 26.05.11*.
Desse retningslinene skal vere til hjelp for arbeidsgjevar og arbeidstakar i handteringa av konfliktar mellom enkeltpersonar eller grupper ved HiSF.

**Styringsparameter 10**
**Leiarar skal involvere tilsette og verneombod for å få kunnskap om dei viktigaste arbeidsmiljøfaktorane ved einingane.**

Vernerundar vert gjennomført med jamne mellomrom på ulike seksjonar og avdelingar. HiSF er inndelt i fleire verneområde med eitt verneombod for kvart område.

**Vi skal arbeide vidare med å implementere dei etiske retningslinene.**

Dei etiske retningslinene for HiSF ligg tilgjengeleg på veven. Leiargruppa arbeidar vidare med å få implementert dei etiske retningslinene i organisasjonen. Hausten 2011 vart det oppnemnt ei arbeidsgruppe som skal implementere rutinar og retningsliner som ivaretek den nye helselovforskingslova.

## Vurdering av måloppnåing.

Den nye organiseringa etter Ou-prosessen inneber at vi har styrka leiarrolla gjennom oppretting av fagleg og administrative leiarar på grunnivået i organisasjonen, Den nye organisasjonen vart iverksett frå 1.08 2011, sjølv om samlokalisering ikkje er på plass før til sommaren 2012.

Rekruttering og utvikling av dei tilsette sin kompetanse, er eit av dei viktigaste tiltaka for å nå måla i strategiplanen innan utdanning og forsking. Høgskulen arbeider aktivt med kompetanseheving, gjennom stipendiatstillingar, førstelektorstipend og stipend for administrativt tilsette. For HiSF er andelen førstestillingar av totalt tal undervisnings- og forskarstillingar på 0,36% i 2011, medan han er på 49% for høgskulane samla.

Kvinnedelen i undervisnings- og forskarstillingar hjå oss er om lag som på landsgjennomsnittet. Kvinnedelen i stipendatstillingar er aukande. Førstelektorprogrammet har positiv effekt både i høve kompetanseheving, men også for å auke kvinnedelen i førstestillingar.

Prosentdel mellombelse stillingar ved HiSF har gått ned frå 2010 til 2011. Vi reknar med at det vil bli ytterlegare redusert i 2012.

Det vert arbeidd med oppfølging av arbeidsmiljøet. Høgskulen har vore IA verksemd sidan 2003, og i 2011 var det inngått ny IA-avtale. HiSF arbeider aktivt med oppfølging av den nasjonale måla i IA avtalen samt tiltaka i eigen aktivitetsplanen for IA-arbeidet. Erfaring med trening i arbeidstida for reinhaldsgruppa er gode. Vi vurderer oppfølginga av sjukemelde til å vere god. Avdeling for helsefag hadde tilsyn av Arbeidstilsynet i 2011, og tilbakemelding vil føreligge i 2012.

Vi ser at sjukefråværet er noko større enn målsettinga. Vi har ikkje hatt høve til å analyse tala enno, men har bedd NAV om ei samla oversikt som fortel årsaka til sjukefråværet og som vi vil leggje fram for AMU.

Opplæringa om IA arbeid og førebygging/oppfølging sjukefråvær blant arbeidstakarane som vart halde for leiargruppa har bidrege til at leiarane i endå større grad tek ansvar for førebygging, tilrettelegging og oppfølging i samband med sjukefråvær. I tillegg har tillitsvalde og verneombod delteke aktivt i IA arbeidet.

## Verksemdsmål 4.3
## Høgskulen skal ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga. God internkontroll og effektiv ressursforvaltning skal takast omsyn til i institusjonen sine strategiske prioriteringar.

Høgskulen har etablert gode retningsliner som vil ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga.

Den eksternfinansierte aktiviteten gir eit godt tilskot til høgskulen sin samla aktivitet gjennom dekningsbidraget. Dekningsbidraget auka med 2,4 mill kr i 2011.

| Kvantitative styringsparametrar | Resultat (tal i 1000) | | |
|---|---|---|---|
| | 2009 | 2010 | 2011 |
| Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld) | 1,77 | 1,87 | 2,64 |
| Endring avsettingar (tilgang/avgang i avsettingar) | | - 6 951 | 49 989 |

Målsettinga for 2011 var at likviditetsgraden skal ligge vere omtrent på same nivå som i 2010. Likviditetsgraden blir vesentleg betra i 2011 og skuldast ein ekstraordinær situasjon som følgje av store avsettingar. Gjennomsnitt for sektoren er på 1,54.

Avsettingane har auka med 50 mill kr. Løyvinga til inventar og utstyr til Høgskulebygget utgjer største delen av avsettingane.

**Styringsparameter 3**
**Forbetre styringssystema rundt oppfølging av Fou-prosjekta.**
Vi arbeider med å styrke den administrative støtta til FoU generelt, og området er styrka med ei administrativ stilling. Førebels har vi ikkje investert i prosjektstyringsverkty.

**Styringsparameter 4**
**Ingen vesentlege merknader eller kommentarar frå Riksrevisjonen.**
Vi hadde ingen vesentlege merknader frå Riksrevisjonen i 2011.

## Vurdering av måloppnåing.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har i 2011 eit rekneskap som er om lag i balanse i høve til budsjettet.

Likviditetsgrad og avsettingar heng saman, og auke i avsettingane gir auke i likviditetsgraden.

Auken i avsettingane skuldast avsetting til investering i Høgskulebygget, og elles strategiske formål til utvikling og omstilling av høgskulen.

Vi har ikkje hatt vesentlege merknader frå Riksrevisjonen i 2011. Det har vore arbeidd aktivt med å redusere bruken av overtid og etterleving av regelverket.

Høgskulen har etablert gode interne styringssystem som sikrar god oppfølging og kontroll. Høgskulen byggjer på ei desentralisering av fullmakter, medan ansvar for regelverk, rutinar og systemoppfølging ligg sentralt. Høgskulen har gode rutinar som sikrar god kontroll over disponeringa av tildelte midlar. Rapportering og rekneskapsavslutning skjer til rett tid innanfor dei krava som vert stilt frå departementet og Riksrevisjonen.

Det vert arbeidd med å betre kvaliteten i løpande rapportering for å sikre god styringsinformasjon for ulike brukarar. Det har vore arbeidd aktivt med å få til ein god modell for økonomistyring på avdelingsnivået med ei god samankopling mellom arbeidsplanar og ressurstildeling. Dette arbeidet vil halde fram også i 2012.

Vi arbeider med å innføre nytt innkjøp, anbod og bestillingssystem som eit ledd i å høge kvaliteten og effektivisere arbeidet. Vi er gjennom denne tilslutninga med på rammeavtalar på dei fleste større varegruppene. I tillegg nyttar vi innkjøpssamarbeid med Uninett, og sektoravtalar som til dømes hotelltenester.

*Rekneskapen for løyvingsfinansiert verksemd i 2011*

| **Bevilgningsfinansiert verksemd** | **Totalt** |
|---|---|
| Løyving 2011 frå KD | -317 987 |
| Andre inntekter | -5 324 |
| **Sum driftsinntekter** | **-323 311** |
| Lønskostnader | 177 218 |
| Investeringar | 6 463 |
| Andre driftskostnader | 47 629 |
| Husleige og drift av bygg inkl straum | 45 336 |
| **Sum driftskostnad** | 276 645 |
| **Driftsresultat** | **-46 666** |
| Disponeringar/avsettingar: | |
| Overskot frå 2010 | -4 718 |
| Endringar i avsetningar | 53 819 |
| Dekningsbidrag frå prosjektverksemda | -5 581 |
| Eigenfinansiering til prosjekt | 578 |
| Forskotterte studiepoeng inntekter | 1 865 |
| Interne overføringar frå andre avdelingar og eksterne prosjekt | -68 |
| **Resultat frå ordinær verksemd 2011** | **-771** |

HiSF sitt samla rekneskapet for 2011viser eit akkumulert overskot på 0,8 mill. kr. Høgskulen hadde eit overskot i 2010 på 4,7 mill. som er overført til 2011. Isolert for 2011 er det eit underskot på ordinær drift på 3,9 mill. Det var budsjettert med eit underskot på 4,3 mill.
Det betyr at for HiSF samla er økonomien om lag i balanse ved utgangen av 2011, noko som er godt i samsvar med budsjettet.

## Verksemdsmål 4.4
## Høgskulen skal medverke til at nasjonale kunnskapsressursar vert forvalta heilskapleg og til at oppgåve og ansvar vert fordelt og løyst gjennom samarbeid.

**Styringsparameter 1**
**Høgskulen vil arbeide for å etablere mastergradssamarbeid innanfor UH-nett Vest.**

Vi har samarbeid med Universitetet i Bergen om mastergrad i undervisning og læring.

HiSF har ein mastergrad landskapsplanlegging i samarbeid med Københavns Universitet og

Sveriges Landbruksuniversitet. Vi har samarbeid (fellesgrad) om deltidsutdanning innafor grunnskulelærarutdanning 1-7 med Høgskulen i Volda.

## Vurdering av måloppnåing i høve sektormål 4.4.

Måloppnåinga er i samsvar med forventningane.

I UH-nett Vest vert mastergradssamarbeid drøfta i ulike faglege leiarfora. Det gjeld både samordninga av mastergradstilbod for å gjera det lettare for studentar å kombinera emne frå fleire institusjonar og det gjeld arbeidsdeling når det er ynskjeleg med mastergradar med ulik fagleg profil. Fellesgradar er ikkje etablert innanfor rammene av UH-nett Vest.

# Særskild rapportering

## 5.1 Rapportering frå styret.

Sjå innleiing.

## 5.2.Rapportering på kvalitet i grunnskolelærerutdanningen.

HiSF har gitt den nye lærarutdanninga høg prioritet på alle nivå i organisasjonen.

Steg 1 var å koma fram til ein struktur på den nye lærarutdanninga som kunne gje eit realistisk grunnlag for den nye utdanninga både fagleg, økonomisk og rekrutteringsmessig. Dette arbeidet skjedde i nært samarbeid med samarbeidspartnarane våre i UH-nett Vest. I hovudtrekk har vi prioritert slik:

- Heiltid GLU 1-7 med 5 sentrale skulefag; norsk, matematikk, engelsk og kroppsøving. Samfunnsfag har vi førebels ikkje tilbydd undervisning i.
- Heiltid GLU 5-10 med norsk og , kroppsøving og matematikk.
- Deltid GLU 1-7 med til saman eit breitt spekter av skulefag. For tida har vi 4 kull på deltid i nært samarbeid med Høgskulen i Volda, Høgskulen i Bergen og Norsk lærarakademi.

Ved å konsentrera oss om sentrale skulefag både på GLU 1-7 og GLU 5-10 er desse faga forankra i gode og tilstrekkeleg store fagmiljø. For dei mindre skulefaga er vi avhengig av nært samarbeid med større institusjonar der fleksible samarbeidsmodellar er nødvendig.

Rekrutteringa på deltidsutdanningane har vore god, men svak på heiltid. GLU 5-10 har tilfredsstillande rekruttering

Det har vore økonomisk krevjande for HiSF å finansiera desse opplegga, dels fordi det vert små studentkull på GLU  1-7 heiltid, men også fordi deltidstilboda har fått stort omfang. Det er vektlagt å profilera GLU 1-7 og GLU 5-10 mot aktuelle klassetrinn. Auka basisløyving har vore viktig her.

Den nye lærarutdanninga skal integrera  teori, praksis og forsking målretta mot utfordringane i skuleverket og på det klassetrinn utdanninga er retta mot. I utgangspunktet har HiSF og Sogn og Fjordane gode muligheiter til å realisera dette gjennom at småskala fagmiljø og grunnskular som gjev oversikt og nære relasjonar.

Gjennom konsentrasjon om færre fag styrkar vi den fagteoretiske basisen. Gjennom ou-prosessen i 2011 har vi lagt fleire fag attende til Avdeling for lærarutdanning og slik sett forlatt noko av den meir disiplinorienterte organisasjonsmodellen frå 1994. Det vert også vektlagt å  profilera fagmiljøa mot skulen sine utfordringar. Det gjeld både ved rekruttering og ved prioritering av doktorgradstipendiatar. Stipendiatane i lærarutdanninga skal ha skulerelevante tema. Vi legg også vekt på å etablera meir definerte grupper av fagfolk som har ansvar for GLU, og intern kompetanseheving er blitt målretta for å auka forståelsen for og kvaliteten på undervisninga i GLU.

Mastergraden vår i Læring og undervisning med Universitetet i Bergen som fagleg ansvarleg, er eit viktig tilbod for å gje fagmiljøa våre med ein fagleg profil og ein forskingskompetanse som bygger opp under målsetjingane for GLU.

Det er  gitt prioritet til å heva lærarane våre sin rettleiingskompetanse på bachelor-oppgåver. For mange av fagfolka våre er dette ein ny erfaring. Det er derfor brukt midlar på å gjennomføra kurs.

Det kan i tillegg nemnast at vi har brukt pengar på å opprette ei eiga faggruppe av GLU - pedagogar som har skulert seg, hatt internseminar og drive fagutvikling av det nye PEL - faget. Vi har  etablert ei faggruppe på tvers av faga som har jobba spesifikt med å sjå på korleis ein kan byggje Grunnleggande ferdigheiter inn i PEL - faget og korleis dei andre faga kan ivareta dei fem Grunnleggande ferdigheitene i skulen.

Lærarutdanninga i HiSF har alltid hatt eit nært samarbeid med praksisfeltet, og dette er eit godt utgangspunkt for å vidareutvikla praksissamarbeidet mot utfordringane i den nye lærarutdanninga. Det har likevel gjort ein del endringar for å styrka praksis.
Vi organiserer t.d. arbeidet meir i team både på institusjonsnivå og ute i praksisfeltet.
Vi har også lagt om ein del av samarbeidsmodellane våre slik at dei både vert meir målretta og integrerande. T.d. har vi innførd regionsamlingar i høve til praksis der me samlar studentar, faglærarar og praksislærarar til refleksjon over utvalde tema bygde på opplevingar frå praksis. Dette er  ei ordning vi vil satsa vidare på. Når det gjeld praksisoppfølginga elles følgjer vi i stor grad det opplegget som NOKUT gav god vurdering i evalueringa av allmenn i 2006.

HiSF har frå 01.08.11 gjennomført ein ny organisasjonsmodell med institutt. Lærarutdanninga er samla i eit eige institutt med ansvar både for forsking og utdanning. For å styrka oppfylginga av den nye lærarutdanninga har instituttet innført ei ordning med årsteam-ansvarlege som samordnar undervisninga på kvart årstrinn. Det store omfanget på samlingsbaserte utdanningar har gjort at det er oppretta ein programansvarleg for desse utdanningane i 50 % stilling.

Generelt sett meiner vi den nye lærarutdanninga har gitt oss eit godt driv for å heva kvaliteten på utdanninga, der vi meinar vi skal lukkast godt med å integrera fag, praksis og forsking. Hovudutfordringa vår er å tilby tilstrekkeleg med valfag når studenttalet vårt er lågt. Det er både fagleg og økonomisk vanskeleg. Men vi vil aktivt nytta samarbeidet i UH-nett Vest til å gje studentane våre eit breitt nok tilbod og til å syta for at skuleverket i Sogn og Fjordane får den breidda i kompetanse som dei treng.

## 5.3.Rapportering om strategi for samarbeid med arbeidslivet.

HiSF har vedteke mandat og samansetjing av Råd for samarbeid med arbeidslivet i styremøte den 14. des. 2012.

Rådet er samansett med leiarar i sentrale posisjonar i offentleg og privat sektor. Rådet blir slik sett av overordna karakter. HiSF har frå før eit nært samarbeid med arbeidslivet der det er etablert samarbeidsorgan. Vi har ikkje lagt opp til å laga ei nytt organ som skapar uklar ansvarsdeling mellom meir spesifikke fagråd og RSA.

HiSF tar sikte på å ha første møte i rådet i vårsemesteret.

## 5.4.Rapportering på bruk av studieplasser.

Høgskulen fekk tildelt til saman 45 studieplassar som vidareføring av nye studieplassar i 2009. Desse var føresett nytta til kapasitetsauke i grunnskulelærarutdanninga,

sjukepleieutdanninga i tillegg til frie bachelorutdanningar. Studieplassane er nytta i samsvar med føremålet. Dei frie studieplassane er brukt til å auka kapasiteten på fleire bachelorutdanningar.

HiSF fekk også tildelt 15 nye frie studieplassar i budsjettet for 2011. Desse er nytta til etablering av mastergrad i idrett i samarbeid med Norges idrettshøgskole. Med god studentrekruttering er alle tildelte studieplassar oppfylte.

Rapporteringa for 2011 viser elles at høgskulen jamt over har god utnytting av studieplassane. Resultata viser at vi ligg over måltala både når det gjeld nye studentar og samla studenttal. Også i forhold til utdanningane med aktivitetskrav (sjukepleie, vernepleie, AOI) er resultata godt i samsvar med krava. Det gjeld også andre prioriterte utdanningsområde som lærarutdanning og realfag/tekniske fag. For detaljerte opplysningar om dei einskilde studia viser vi til dbh.

## 5.5.Rapportering på studentkapasitet.

Sjå eige vedlegg.

## 5.6.Rapportering på midler tildelt over budsjettkapittel 281.

HiSF er ikkje tildelt midlar over kap. 281 i 2011.

## 5.7.Rapportering om SAK.

HiSF er medlem i UH-nett Vest der samarbeidsavtalen går ut i 2012. HiSF har gjort ei intern evaluering av dette samarbeidet i vinter og styret vil få ei eiga sak på styremøtet 1. mars 2012 med evaluering og tilråding om vidare samarbeid.
I utgangspunktet er HiSF godt fornøgd med samarbeidet i UH-nett Vest og meinar den valde organisasjonsmodellen med styre, kontaktutval, og sekretariat har gitt samarbeidet god gjennomføringskraft. Det synest også å ha vore heilt rett å prioritera tiltak som stimulerer samarbeid mellom fagmiljøa.
HiSF er derfor ikkje i tvil om at vi ynskjer å halda fram dette samarbeidet og at dei deltakande institusjonar er dei institusjonane vi primært ynskjer samarbeid med på regionalt nivå. Det er ein føresetnad at dei samarbeidande institusjonane vil halda fram samarbeidet på same forpliktande nivå som no.
Meir konkret vil vi trekkja fram forskingssamarbeidet som svært viktig for oss. Det gjev fagmiljøa våre muligheiter til å inngå i større faglege nettverk og vi har støtta Uh-nett Vest sin bruk av SAK-midlane.

UH-nett Vest er tildelt 1 mill for 2011. Styret i UH-nett Vest har vedtatt å bruke midlane til å styrke forskingssamarbeidet gjennom utvikling av eit samarbeid om forskarskular. Midlane er fordelt slik: Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies (GRS), 400.000 til utviklingsmidlar. 670.000 til styrking av forsking knytt til helse og sosialfaga. Av desse er 125.000 øyremerkt til forskarnettverket for helse og sosialfag og 545.000 er avsett som overrislingsmidlar til å styrke forskingsprosjekt, med særleg prioritet til områda barnevern, rusproblematikk, psykisk helse og ulike grupper kronisk sjuke. Det generelle forskingssamarbeidet held fram og det fjerde forskarsymposiet vert avvikla våren 2012. SAK-midler til prosjekt knytt til biblioteksamarbeid vil bli vurdert dersom nettverket vert tildelt SAK-midlar i 2012.
Samarbeidet om lærarutdanninga er også viktig der vi har laga ein grunnstruktur for arbeidsdeling på Vestlandet. HiSF har her fått eit spesielt ansvar for samlingsbasert (deltid) lærarutdanning. Samarbeidet med Universitet i Bergen om ein mastergrad i Læring og

undervisning har bidrege til å styrka ein fagleg profil på lærarutdanninga vår retta mot skulen sine behov.
Vi ser også at samarbeidet om helse- og sosialfagutdanningane er inne i eit positivt spor der høgskulane har ulike faglege profilar og tyngdepunkt. I lag med UiB gjev dette grunnlag for å utvikla og samordna utdanningane samstundes.

Sjølv om vi i det alt vesentlege har ei positiv vurdering av samarbeidet i UH-nett Vest, ser vi at dette samarbeidet er ressurskrevande, både tidsmessig og økonomisk. Det er derfor nødvendig med eit kritisk blikk på kva vi bør samarbeida om og kven som deltar i dei aktuelle samarbeidsprosjekta. Fagleg leiing kan også vera utfordrande. Alle kan ikkje samarbeida om alt.

UH-nett Vest kan ikkje dekka alle behova våre for fagleg samarbeid og arbeidsdeling. Norges idrettshøgskule er ein viktig samarbeidspartnar for oss (NiH har fagleg ansvar for mastergraden vår i idrett). Vi har vidare fått NOKUT-godkjenning av ein mastergrad der undervisninga er delt mellom HiSF, Universitetet i København og Sveriges landbruksuniversitet.

## 5.8.Rapportering på saker fra Sivilombudsmannen og Riksrevisjonen.

Høgskulen hadde ei klagesak som vart vurdert av Sivilombodsmannen i 2011. Saka gjaldt sakshandsaming og vedtak gjort av Klagenemnda ved høgskulen. Sivilombodsmannen fann ikkje grunnlag for å gå vidare med saka.
Det var ingen vesentlege merknader frå Riksrevisjonen i 2011.

## 5.9.Rapportering om større investeringsprosjekter.

HiSF har under bygging eit nytt høgskulebygg på 7600 m2. Det er innflyttingsklart sumaren 2012 og er i rute.

HiSF har søkt KD om å koma i gang med tredje byggjesteg i Sogndal som er overtaking av Gymnaset. So langt har vi oppfatta at dette prosjektet ikkje er prioritert av KD. Vi ser samstundes at i planlegginga av  innflytting i nytt høgskulebygg, er det uheldig å ikkje koma i gang med overtaking av Gymnasbygget. Vi har derfor under vurdering alternativ for å løysa uheldige konsekvensar av dei mellombelse løysingane som no må brukast. Samstundes er dette vanskeleg når den langsiktige løysinga er usikker.

## 5.10. Rapportering om reduksjon av midlertidig tilsetting.

HiSF har hatt fokus på mellombelse tilsettingar, og styret handsama eiga sak om i møtet i juni "Orientering om mellombelse tilsettingar i HSF" der det vart gjort følgjande vedtak:
"*I tråd med signal frå etatstyringsmøtet ber styret om at HSF reduserar bruken av mellombels stillingar. Alle tilsettingssaker der ein tilset mellombels/engasjement  skal innehalda ei vurdering av heimelsgrunnlaget. I tillegg ber styret rektor leggja  opp til eit aktivt samspel mellom tillitsvalde og leiarar for å halda mellombels stillingar på eit minimumsnivå."*
Tala syner at vi har redusert bruken av mellombelse stillingar i 2011.

## 5.11. Rapportering om etiske retningslinjer.

Styret har på styremøte den 3. mars 2009 vedtatt etiske retningslinjer for høgskulen. Desse dekker etter vår meining dei tilhøve som det er naturleg å la inngå i retningslinjene, men dette vil vera under kontinuerleg vurdering.
På eit felles personalseminar i 2010 for HiSF var dei etiske retningslinjene eit sentralt tema.

Nytilsette blir informert om dei etiske retningslinjene våre.
Retninglinjene er lagt ut på heimesida vår i lag med øvrige retningslinjer.

## 5.12. Rapportering om forvaltning av fullmakter.

HiSF har ikkje eigarskap i aksjeselskap.

HiSF har i 2011 inngått fleire leigeavtalar med SIL Fotball AS om leige av lokale. Desse omfattar dels kontor og dels grupperom og undervisningsrom. Dette er lokale som av ymse grunnar har vore ledige i stadionbygga på Fosshaugane campus og som HiSF har bruk for grunna vekst i studenttal og tal tilsette. Totalt utgjer dette litt under 500 m2 og ei husleige på vel kr. 700.000. Alle avtalane har ein gjensidig oppseiingsklausul på eitt år.

Utover dette har ikkje HiSF nytta tildelte fullmakter.

## 5.13. Særskilte rapporteringskrav for enkelte institusjoner.

HiSF har ikkje særskilte rapporteringskrav.

## 5.14. Rapportering på sikkerheit og beredskap.

HiSF har i 2011 gjennomført eit eige prosjekt om sikkerheit og på styremøte den 16. juni 2011 vedtok styret ein sikkerheitspolicy og eit it-reglement.
I 2011 er det også gjennomført eit prosjekt for å integrera risikostyring betre i planarbeidet vårt og dette er synleggjort i plandelen i dette dokumentet.
HiSF har ein beredskapsplan som vert jamleg ajourført.

**Samfunnssikkerheit og beredskap.**

Høgskulen har fungerande beredskapsplanar. Beredskapsplanane er under kontinuerleg revisjon. Ei gruppe i høgskulen har lagt fram ny revidert beredskapsplan 2011. Denne planen har særleg fokus på informasjonsflyten i samband med ulykker, død og krisesituasjonar for våre studentar både på eigne studiestadar og for våre studentar i utlandet.

Høgskulen gjennomfører to brannøvingar årleg i dei bygga vi leiger. Øvingane vert gjennomført i byrjinga av kvart semester. Det vert skrive interne rapportar etter øvingane, med særleg fokus på avvik.

**Informasjonstryggleik.**

Høgskulen har i året som har gått hatt fokus på informasjonstryggleik. På styremøte 16. juni blei policy for informasjonstryggleik ved HiSF vedtatt. I haust ble det sett inn ekstra ressursar for å implementere policyen i organisasjonen. Vi gjennomførte ei kartlegging av alle system i HiSF mop bl.a tal brukarar, sensitive personopplysningar, kritikalitet og driftsstad etter mal frå UNINETT. Vi valde ut 8 system der vi i samarbeid med UNINETT gjennomførde ei grundig ROS-analyse på kvart system.

HiSF mottok etter workshopen ein rapport frå UNINETT som oppsummerte funna samt forslag til tiltak. Det vart laga ein handlingsplan for oppfølging av vesentlege risikoområde samt eit utkast til informasjonsskriv til tilsette.

Det er oppretta eit forum for informasjonstryggleik ved HiSF, som vert leia av sikkerheitsansvarleg (personal – og økonomidirektør) ved HiSF (CSO). Sikkerheitsforumet skal gi rektor råd om tiltak som fremjar informasjonstryggleiken i organisasjonen gjennom nødvendig engasjement og tilstrekkeleg ressursbruk.

## 5.15. Rapportering på felles føringer for alle statlige virksomheter.

**Inkluderende arbeidsliv.**
Sjå rapportering under verksemdsmål 4.2.

**Brukerundersøkelser.**
Høgskulen gjennomførte i 2011 den årlege rekrutteringsundersøkinga for å få kunnskap om korleis studentane vurderte informasjon og marknadsføring av høgskulen sine studietilbod, og studiestart.

Høgskulen gjennomførte den årlege kandidatundersøkinga ved å vende seg til ferdige kandidatar frå fleirårige studieprogram med spørsmål om korleis dei vurderte studieopphaldet ved HiSF, og korleis dei har kome seg inn på arbeidsmarknaden. Undersøkinga vart gjort eit halvt år etter at kandidatane slutta ved HiSF.

I 2011 vart det ikkje gjort nye undersøkingar av studiekvalitet eller læringsmiljø.

**Lærlinger i staten.**
HiSF har ein lærlingeplass innanfor IT. Vi har hatt ønskje om å auke tal lærlingar, men har ikkje funne rom for dette innanfor budsjettet.

**Miljøfyrtårn.**
Høgskulestyret vedtok hausten i 2010 at høgskulen skulle arbeidde for å verte godkjent som Miljøfyrtårn. Arbeidet skulle gjennomførast stegvis, med avdelingane i Førde som første steg. Høgskulen har i 2011 gjennomført arbeidet for å få godkjenning som Miljøfyrtårn, og vår Miljøfyrtårnkonsulent sende melding til sertifisør i desember 2011 om at vi var klar for godkjenning. Vi ventar no på at sertifisør skal ta kontakt for godkjenning av høgskulen sine avdelingar i Førde.

**Statistikk for antall arbeidsplasser.**
Høgskulen i Sogn og Fjordane auka tal årsverk frå 224 årsverk i 2010 til 231 årsverk i 2011. Dette er ein auke på 3%.

**Tilgjengeliggjøring av offentlige data.**
HiSF har ikkje etablert publikumstenester der det er aktuelt leggja spesielt til rettes for å gjera rådata offentleg tilgjengeleg.

# Planar 2012


Visjon
Vi utforskar og utviklar
HSF – ein stad å lukkast
Våre verdiar:
Kompetent
Aktiv
Nær

## Planar for verksemda i 2012.

For å sikre ein best muleg oppfylling av Kunnskapsdepartementet sine krav i tildelingsbrevet om integrert risikostyring, er modell og prosess som nemnd nedanfor nytta som ramme for planarbeidet i 2012. Denne er nært knytta opp til HiSF sin strategiplan og eigne verksemdsmål.

**Frå HiSF sin strategiplan 2010-2014:**

***Visjon:***
*Vi utforskar og utviklar*
*HSF – ein stad å lukkast*

***Verdigrunnlag:***
*Kompetent Aktiv Nær*

***Overordna mål:***
*Vi skal ha landets mest fornøgde studentar og vere blant høgskulane med mest vitskapleg publisering*

## HiSF sitt arbeid med risikostyring.

I høgskulen sitt arbeid med risikostyring har vi teke utgangspunkt i det overordna risikobilete (sjå modell nedanfor). Gjennom dette synliggjer vi både vårt arbeid med risiko og risikostyring, samt nåværande risikobilete.

Styret i HiSF handsama på styremøte den 6. mars 2008 ei eiga sak om risikostyring. I denne saka vart det peiukt ut 5 område som skulle prioriterast med omsyn til risikostyring. Desse er:

1. Rekruttering av studentar
   – God studiekvalitet
   – Godt studiemiljø
2. Rekruttering av medarbeidarar – rekruttere og utvikle fagleg tilsette
3. Kompetanse og FoU - fokus på kvalitet
4. Ekstern samhandling
5. Økonomisk robust organisasjon

Dette synleggjer eit bilete av HiSF sine overordna utfordringar og kva som blir vurdert som risikoområde i forhold til HiSF sine hovudmålsettingar i strategiplanen 2010-2014. Modellen nedanfor viser også kva for dimensjonar vi ser for å være mest kritiske i forhold til vårt ansvar i å svare på samfunnsoppdraget.




*Figur 3: Overordna risikovurdering ved HiSF*

SSØs modellar for risikostyring nyttast som grunnlag i vårt arbeid. Figur 4 og 5 skildrar modellens innhald og logikk.




*Figur 4: Handtering av risiko i mål- og resultatstyringa*




*Figur 5: Risikomodell*

I risikomodellen inngår følgjande:

**Overordna ambisjon:** å integrere risikostyring for å identifisere, vurdere, handtere og fylgje opp risikoar for  kunne redusere risiko ved å iverksette tiltak. Risikoreduserande tiltak skal resultere i at identifiserte risikoområde kjem innanfor høgskulen sitt aksepterte nivå for risiko (toleranse).

**Definisjonen av risiko:** At forhold eller hendingar inntreff og påverkar oppnåinga av målsettingar negativt.

**Vurdering av risiko:** Risiko skal vurderast  i høve til sannsynlegheita for at han inntreff, og den forventa konsekvensen han vil medføre for måloppnåinga i verksemda dersom den inntreff.

**Risikoreduserande tiltak:** Risikoar som kan påverke måloppnåinga negativt, og som ligg utanfor høgskolen sin risikotoleranse skal fylgjeast opp ved å iverksette risikoreduserande tiltak (frå A til B i figur 5).

**Integrert risikostyring:** Arbeidet med risikostyring vert sett på som  som ein prosess som inngår som ein naturlig del av høgskulen sitt arbeid med mål- og resultatstyring.

## HiSFs referansemodell for fastlegging av risiko.

Med vesentleg risiko definerer høgskulen innanfor den valde modellen dei risikoar som har ein sum på 12 eller høgare (raudt felt). Denne faktoren kjem fram når risikoen sin vurderte konsekvens vert multiplisert  med kor sannsynleg det er at han inntreff.   Det må takast omsyn til dei etablerte tiltak i vurderinga. Resultatet av vurderinga gir eit bilete av sannsynlegheita

for at det aktuelle målet ikkje vert nådd, og kor alvorleg dette avviket frå målet kan bli dersom ikkje ytterlegare tiltak vert sett i verk. I modellen går det fram i form av dei raude felta.

Vurdert risiko av denne typen vert vurdert av høgskulen å ligge utanfor risikotoleransen og skal fyljast opp med risikoreduserande tiltak. Planlagde risikovurderte tiltak kjem ikkje fram berre på område der risikoen vert vurdert som vesentleg, men vi har også vald å foreslå å iverksette tiltak på risikoområde med lågare risikoindikator (moderat). På område som står fram med vesentleg risiko (raudt nivå) skal det alltid fyljast opp med risikoreduserande tiltak.

## Risikovurdering i HiSF – prosessen.

Vi har tatt utgangspunkt i vår eigen overordna skisse for risiko (figur 3). Med bakgrunn i denne har vi teke for oss sektormål 1-4, og knytte desse opp mot HiSF sine hovudmål for kvart sektorområde.

I arbeidet med å kartlegge kva for nokre faktorar som har vesentleg risiko har vi lagt fyljande modell til grunn i vårt arbeid:




*Figur 6: Konsekvens og sannsynligheit*

I denne figuren går det eit skilje mellom risikofaktorar og det som vi definerer som høg risiko, moderat eller låg risiko. Høg risiko skal alltid fyljast opp med risikoreduserande tiltak. Moderat risiko vert vurdert ut i frå organisasjonen si risikotoleranse og kjennskap til tidligare risikovurderingar, utvikling og tiltaksgjennomføring. Det er ikkje nødvendig å sette i verk tiltak på risikoområdar med låg risiko, men dette må vurderast ut frå type område og samanheng mellom risikoområdar.

## Involverte i prosessen.

I tildelingsbrevet går det fram at risikostyring skal vere integrert i mål- og resultatstyringa.

Styret har ansvar for at det blir etablert eit system for risikostyring som omhandlar:

- Vurdering av akseptabel risiko

- Risikoelement som det skal takast omsyn til etter at akseptabel risiko er vurdert
- Vurdering av risikostorleik for kvart risikoelement
- Tiltak for å redusere risiko
- Vurdering av restrisiko etter at tiltaket er satt i verk

Arbeidet med å utvikla risikostyringa i HiSF har vore forankra i leiargruppa.

# Sektormål 1

## Universitet og høgskular skal gje utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med behova i samfunnet.

Årsplanen for 2012 bygger på høgskulen sin strategiplan for perioden 2010-2014, sektormål og nasjonale styringsparameter fastsett av departementet og hovudutfordringar frå Rapport om utdanningskvalitet 2010-2011 for HiSF.

HiSF sin strategiplan har som overordna mål at høgskulen skal ha landets mest fornøgde studentar. Årsplanen omfattar prioriterte tiltak for 2012 og kva konkrete resultatmål høgskulen skal nå dette året.

### 1.1 Verksemdsmål: Høgskulen skal ha god studentrekruttering til alle utdanningar, og styrke rekrutteringa på den nasjonale marknaden.

#### 1.1.1 Styringsparametrar.

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Resultatmål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Primærsøkjarar gjennom Samordna Opptak | 689 | 1030 | 985 | 1167 | 1200 |
| Primærsøkjarar per utlyst studieplass | 1,03 | 1,39 | 1,39 | 1,44 | 1,56 |
| Kvalifiserte primærsøkjarar per studieplass | | | 1,11 | 1,16 | 1,20 |
| Gjennomsnittleg karakterpoeng hjå nye studentar | 38,7 | 38,0 | 38,5 | 38,0 | 39,0 |
| Nye studentar rekruttert gjennom SO | 581 | 804 | 783 | 846 | 800 |
| Nye studentar rekruttert utanom SO | 710 | 671 | 900 | 728 | 700 |

#### 1.1.2 Risikovurdering.

Høgskulen har hatt ei svært positiv utvikling i studentrekrutteringa siste åra og vi arbeider systematisk for å halde fram denne utviklinga. Med utgangspunkt i dei tiltaka som vert sett inn og på bakgrunn av det vi kjenner til av eksterne faktorar som kan påverke rekrutteringa, er det sannsynleg at HiSF også i 2012 vil kunne auke tal søkjarar.  Resultatmåla er difor sett høgre enn det vi oppnådde i 2011.

Gjennomsnittleg karakterpoeng (utan tilleggspoeng) hjå nye studentar har ikkje auka i takt med tal søkjarar siste åra, og ligg lågare enn for gjennomsnittet av høgskulane (39,9). Med

målsetjing om fleire søkjarar per studieplass, er det også naturleg å ha som målsetjing at gjennomsnittleg karakterpoeng hjå dei nye studentane skal bli høgre enn i 2011

Høgskulen har ikkje ambisjonar om å auke tal nye studentar ut over nivået i 2011. Rekrutteringa til grunnskulelærarutdanninga 1-7 heiltid er ei særskild utfordring. Konsekvensane av sviktande studentrekruttering vil vera svært alvorlege for høgskulen.

#### 1.1.3 Tiltak.

1. Vidareutvikle og profesjonalisere marknadsføring av utdanningane gjennom bruk av studentambassadørar og digitale medium.
2. Utvikle høgskulen sine vevsider.
3. Bygge og verne om høgskulen sitt faglege og sosiale omdømme gjennom årlege fagkonferansar m.m.
4. Samarbeide med eksterne aktørar i regionen om profilering av studiestadene.
5. Vurdere alternative kvalifiseringsvegar for opptak til utvalde studium for personar som manglar dokumentasjon.

## 1.2 Verksemdsmål:
## Høgskulen skal ha studentar som lukkast i utdanningane og ha god gjennomstrøyming og lite fråfall.

#### 1.2.1 Styringsparametrar.

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Resultatmål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Eigenfinansierte studentar 1.10 | 2472 | 2736 | 3105 | 3212 | 3200 |
| Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar 1.10. | 1992 | 2242 | 2439 | 2624 | 2600 |
| Studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent | 56,2 | 52,1 | 51,8 | 53,1 | 52 |
| Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeiningar) | 1881,1 | 1847,9 | 2030,0 | 2212,8 | 2250 |
| Kandidatproduksjon | 444 | 456 | 440 | 460 | 480 |
| Gjennomstrøyming (Andel av førsteårsstudentar som held fram i andre studieår)* | | | | | 90 |
| Aktivitetskrav for AOI<br>Aktivitetskrav for sjukepleie<br>Aktivitetskrav for vernepleie | | | | 0<br>138<br>33 | 7<br>138<br>29 |

*Data ikkje tilgjengelege før i 2012.

#### 1.2.2 Risikovurdering.

Mange nok og motiverte studentar som lukkast i utdanningane er avgjerande for høgskulen både økonomisk og med tanke på omdøme.  Studenttalet ved høgskulen har auka vesentleg

siste åra, - først og fremst som følgje av betre rekruttering. Utfordringa er å sikre at dei lukkast i utdanninga. Ei rekkje faktorar påverkar dette, som inntakskvalitet, pedagogisk og fagleg kvalitet, læringsmiljø, støttetenester og trivsel. Det er risiko knytt til det å lukkast i utdanningane og høgskulen må arbeide på eit breitt område.

**1.2.3 Tiltak.**

1. Utvikle og ta i bruk betre indikatorar for gjennomstrømming.
2. Samle og systematisere informasjon om kvifor studentar avbryt utdanninga.
3. Nytte høgskulen sitt kvalitetssystem i arbeidet med utvikling av alle studium.

## 1.3 Verksemdsmål: Høgskulen skal ha attraktive, yrkesnære og fleksible utdanningar med tilbod om mastergrad på dei sentrale utdanningsområda.

### 1.3.1 Styringsparametrar.

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Resultatmål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Akkrediterte mastergrader | 1 | 2* | 2 | 2 | 4 |
| Mastergrader med ekstern akkreditering | 2 | 2 | 2 | 3 | 2 |
| Studium i samarbeid med UH-nett-Vest institusjonar | | | | 2 | 2 |

*Landskapsplanlegging, HiSF er akkreditert for 60 sp.

**1.3.2 Risikovurdering.**
Tilbod om mastergrader på dei sentrale utdanningsområda er formulert som eit sentralt mål i høgskulen sin strategiplan. Ved inngangen til 2012 har HiSF levert ein søknad om NOKUT-akkreditering for mastergrad i Samhandling innan helse- og sosialtenester og arbeider med søknad for Læring og undervisning. Tilbod om mastergrad på dei sentrale utdanningsområda vert vurdert som svært viktig for at høgskulen skal fylla den regionale samfunnsrolla, og konsekvensane av ikkje å nå dette målet blir vurdert som alvorleg.

**1.3.3 Tiltak.**

1. Arbeide for å få akkreditering for i alt fem masterprogram på sentrale utdanningsområde.
2. Arbeide vidare med å gjere utdanningstilboda fleksible og tilgjengelege, mellom anna gjennom samarbeid om samlingsbaserte grunnskulelærarutdanningar innan UH-Nett Vest.
3. Vidareføre og styrke samarbeidet med yrkesfeltet innan helse- sosial, skule og barnehagesektorane.
4. Utvikle strategi for arbeidet i Råd for samarbeid med arbeidslivet(RSA).

## 1.4 Verksemdsmål:
## Høgskulen sine studium skal vere forskingsbaserte og halde høg fagleg og pedagogisk kvalitet.

### 1.4.1 Styringsparametrar.

| Styringsparametrar | Resultat | | | | Resultatmål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Studentar per faglege årsverk | 17,8 | 17,8 | 19,8 | 18,7 | 18,0 |
| Tal tilsette som tek pedagogisk vidareutdanning | 6 | 0 | 12 | 16 | 20 |
| Andel førstestillingar av samla tal undervisnings-, forskings og formidlingsstillingar. | 0,34 | 0,34 | 0,35 | 0,36 | 0,37 |

### 1.4.2 Risikovurdering.
Forskingsbasert undervisning og god pedagogisk kvalitet er avgjerande for høgskulen. Både forholdstal lærar – student og kompetanse blant dei tilsette påverkar dette. Det er også viktig at høgskulen tek i bruk moderne undervisningsmetodar og reiskapar slik at vi møter unge studentar sine forventningar. Med systematisk arbeid og målretta tiltak bør risikoen for å mislukkast vere moderat.

### 1.4.3 Tiltak.
1. Stimulere til bruk av nye undervisnings- og kommunikasjonsmåtar basert på internett og ny teknologi for studentar på- og utanfor campus.
2. Legge til rette for utprøving av skuleeksamen med PC som del av prosjektet “Digital kompetanse”.
3. Inkludere studentane i Forskingsdagane og kople studentane mot aktuelle forskingsprosjekt.
4. Synleggjere forsking og forskingsresultat i undervisninga.
5. Sikre ressursar til å halde opp studentaktive læringsformer ved aukande studenttal.
6. Tilby formell pedagogisk basiskompetanse til tilsette som eit årleg tiltak.
7. Sikre fagtilsette gode vilkår for fou-aktivitet.

## Verksemdsmål 1.5:
## Internasjonalisering skal sikra høg kvalitet på HiSF sin faglege aktivitet.

### 1.5.1 Styringsparametrar.

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Resultatmål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Studentmobilitet | 77 | 91 | 79 | 111 | 100 |
| Fagleg mobilitet med opphald over ei veke | 42 | 40 | 34 | 27 | 30 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Tal engelskspråklege studium | 14 | 15 | 14 | 14 | 13 |

**1.5.2 Risikovurdering.**
Tal utvekslingsstudentar var særskilt høgt i 2011 og det blir lagt opp til noko lågare resultatmål i 2012. Internasjonale studietilbod kviler på få fagtilsette, og er sårbare ved sjukdom eller dersom tilsette sluttar. Det same gjeld internasjonalt forskingssamarbeid. Betre leiarforankring og nettverksbygging kan minske risikoen på feltet.

**1.5.3 Tiltak.**
1. Delta i det europeiske klassifiseringsprosjektet U-MAP.
2. Utvikle Internasjonalt forum som eit fagleg forum med forankring i høgskulen si leiargruppe.
3. Stimulere til fagleg mobilitet gjennom bruk av ulike incentiv
4. Slå saman og utvikle fagtilbodet med sikte på å styrke rekruttering til internasjonale studietilbod med låge studenttal.
5. Utvikle ordninga med internasjonal miljøkoordinator.
6. Styrke forskingsaktivitet i samarbeid med internasjonale partnarar.

## Verksemdsmål 1.6:
## Høg studiekvalitet, tett oppfølging og gode støttetenester skal vere eit varemerke for HiSF.

**1.6.1 Styringsparametrar.**

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Resultatmål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Andel kandidatar som seier dei er svært godt eller godt nøgde med studieopphaldet ved HiSF* | 83% | 95% | 86% | | 90% |
| Andel kandidatar som er svært godt eller godt nøgd med bibliotektenesta* | 92% | 89% | 89% | - | 95% |

*Kjelde: Årlege kandidatundersøkingar. Respondentane er ferdige kandidatar frå fleirårige studium og PPU som svarar eit halvt år etter at utdanninga er avslutta. Undersøkinga for 2011 er ikkje sluttført.

**Kvalitativt styringsparameter**
- Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma.
- Studentane skal ha god tilgang til datatenester, og digital undervisning skal vere godt tilrettelagt.

**1.6.2 Risikovurdering.**
Høg studiekvalitet og positive tilbakemeldingar frå noverande studentar er avgjerande for høgskulen sitt omdøme. Sviktande omdøme vil ha alvorlege konsekvensar for rekrutteringa. Redusert studiekvalitet vil og verke inn på læringsutbyttet for dei ferdige kandidatane.

### 1.6.3 Tiltak.

1. Gjennomføre ei studentundersøking med fokus på kvalitet i læring og undervisning.
2. Utvikle og systematisere utdanningssamtalen for alle fleirårige studium.
3. Ha særleg merksemd på studiekvaliteten for studentar på samlings- og nettbaserte studium.
4. Samlokalisere biblioteka i Sogndal i det nye læresenteret i Høgskulebygget og vidareutvikle bibliotektenestene i høgskulen.
5. Gjennomføre eit seminar for aktuelle fagtilsette med fokus på skikkavurdering.
6. Vidareutvikle god informasjon og støttetenester med mellom anna bruk av nytt system for rom- og timeplanlegging.

## Verksemdsmål 1.7:
## Høgskulen sitt læringsmiljø skal vere ope og inkluderande og stimulere til læring.

### 1.7.1 Styringsparametrar.

| Styringsparametrar | Resultatutvikling | | | | Resultatmål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Andel kandidatar som svarar at dei er heilt einig eller litt einig i påstanden “Eg trivst i studentmiljøet”* | 92% | 85% | 88% | - | 90% |
| Andel kandidatar som er svært godt eller godt nøgd med arbeidstilhøve for studentane* | 61% | 76% | 72% | - | 80% |
| Andel kandidatar som er svært godt eller godt nøgd med velferdstilbodet (bustad, kantine)* | 73% | 69% | 67% | - | 70% |

*Kjelde: Kandidatundersøkingar. Undersøkinga for 2011 er ikkje sluttført.

### 1.7.2 Risikovurdering.

Eit godt samla læringsmiljø er ein viktig del av tilbodet til studentane. Dette krev merksemd på eit breitt felt og det føreset nært og godt samarbeid med mellom anna studentorganisasjonane, studentsamskipnaden og vertskommunane. Det har vorte vanskelegare å få hybel med auka studenttal, noko som har ført til dårlegare bustadsituasjon for fleire studentar. Dårlegare samla læringsmiljø vil vera alvorleg for høgskulen sitt omdøme.

### 1.7.3 Tiltak.

1. Samarbeide med studentorganisasjonane om fadderopplæring og mottak av nye studentar.
2. Utvikle eit førstesemester med fokus på fagleg aktivitet og studiestrategiar.
3. Legge til rette for at Studentparlamentet får gode arbeidsforhold, og vidareutvikle. systematisk opplæring av studenttillitsvalde.

4. Vidareføre og utvikle “Tett-på” konferansen.
5. Vidareutvikle arbeidet i Læringsmiljøutvalet.
6. Utvikle samarbeidet med studentsamskipnaden og vertskommunane om gode bu- og levevilkår for studentane.

## Verksemdsmål 1.8:
## Ferdige kandidatar frå HiSF skal lukkast på arbeidsmarknaden.

### 1.8.1 Styringsparametrar.

| Styringsparameter | Resultatutvikling | | | | Resultatmål 2012 |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | |
| Andel kandidatar som oppgir at dei har opplevd det som “ikkje vanskeleg” å koma inn i arbeidsmarknaden eit halvt år etter avslutta utdanning* | 66% | 57% | 53% | - | 60% |
| Andel kandidatar i jobb som oppgir at jobben er relevant i forhold til utdanninga* | 89% | 87% | 91% | - | 100% |
| Andel kandidatar i jobb som seier at utdanninga frå HiSF er svært nyttig i arbeidssituasjonen * | 72% | 76% | 79% | - | 80% |

* Kjelde: Kandidatundersøkingar. Undersøkinga for 2011 er ikkje sluttført.

### 1.8.2 Risikovurdering.
Størstedelen av høgskulen sine kandidatar tek ei profesjonsorientert utdanning som tilseier at dei kan gå direkte i arbeidslivet. Vanlegvis oppgir kring 75% av kandidatane at dei ynskjer å gå direkte i jobb etter avslutta utdanning ved HiSF, resten planlegg vidare utdanning. I kandidatundersøkinga vert dei som har fått vitnemål føregåande år spurt om korleis dei har opplevd arbeidsmarknaden kring eit halvt år etter avslutta utdanning og i kva grad dei opplever jobben som relevant i forhold til utdanninga. Sjølv om det vil vera forhold i samfunnet som høgskulen vanskeleg kan påverke, er det svært viktig for høgskulen sitt omdøme at kandidatane får arbeid etter avslutta utdanning og at jobben er relevant i forhold til utdanninga.

### 1.8.3 Tiltak.
1. Styrke samarbeidet med nærings- og arbeidsliv med sikte på at dei har god kjennskap til HiSF og utdanningane våre.
2. Utvikle Karrieresenteret det nye Høgskulebygget i Sogndal som ein møteplass mellom studentar og arbeidsliv.
3. Utvikle høgskulen sine vitnemål i samsvar med nasjonale retningslinjer med sikte på å gjere dei meir brukarorientert nasjonalt og internasjonalt.
4. Søkje å få betre kunnskap om korleis ferdige kandidatar lukkast på arbeidsmarknaden.

**Styringsparameter: Del uteksaminerte kandidatar tatt opp på doktorgradsprogram seks år tidligare** blir omtala under sektormål 2.

## Risikovurdering av sektormål 1 – planar og tiltak:

| Nr | Risikoområde | s | k | rv | Vurdering/ kommentar | Tiltak/oppfølging |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Risiko for å mislukkast med god studentrekruttering til alle utdanningar – og å styrke rekrutteringa på den nasjonale marknaden. | 2 | 5 | **10** | Færre studentar gir reduserte inntekter og dårlegare inntakskvalitet.<br><br>HiSF kan leve med ein rekrutteringssvikt på inntil 10% utan at konsekvensane blir svært alvorlege.<br><br>Grunnskulelærar-utdanninga representerer ei særskild utfordring med omsyn til rekruttering.<br><br>Risiko for manglande rekruttering til dei nye masterutdanningane. | • Avlyse studium med dårleg rekruttering, samordne undervisning.<br><br>• Vurdere marknadsføringstiltak til restetorget og utdanningar på den nasjonal marknaden og vidareutdanningar.<br><br>• Utvikle studium som kan tilbydast med seinare oppstart til andre søkjargrupper t.d. fleire samlingsbaserte studium. |
| 2 | Risiko for at studentane skal mislukkast med utdanningane, lågare gjennomstrøyming og større fråfall. | 2 | 5 | **10** | Med fleire studentar per fagtilsett, kan den pedagogiske kvaliteten synke, og tid til rettleiing og tett oppfølging og forsking kan verte redusert.<br><br>Strykprosenten kan gå opp i eit eller fleire emne.<br><br>Studentane kan få mindre tid til å studere pga arbeid.<br><br>Studiepoengproduksjon per student og ekvivalent kan verte redusert. | • Redusere og samordne fagtilbodet slik at det vert tilstrekkelege faglege ressursar til dei studia som skal gjennomførast.<br><br>• Utvikle studie- og emneplanar som set krav til studentaktive arbeidsformer, bruk av arbeidskrav.<br><br>• Følgje opp studentar tettare.<br>• Nytte studentstyrte kollokvie-grupper og studentassistentar.<br><br>• Kontakte studentar med svake resultat med sikte på auka studieaktivitet.<br><br>• Tilpasse aktivitet på grunn av reduserte inntekter. |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 3 | Risiko for å mislukkast i å vidareutvikle attraktive, yrkesnære utdanningar og tilby masterutdanningar på sentrale utdanningsområde. | 1 | 5 | **5** | Høgskulen kan mislukkast med å tilby grunnskulelærar-utdanningar med tilstrekkeleg fagleg breidde.<br><br>Utviklinga av dei nye helseutdanningane kan verte krevjande med endringar som følgje av samhandlingsreforma.<br><br>Mastersøknadene kan verte nekta akkreditering eller etableringsløyve. | • Vurdere opptak annankvart år til GLU-utdanningane.<br>• Vurdere å tilby fleire fag i GLU utdanningane.<br>• Vurdere større fagleg samarbeid innan UH –nett Vest om GLU-utdanningane.<br><br>• Halde tett kontakt med kommunane og Helse Førde.<br><br>• Vurdere å omarbeide søknaden, inngå samarbeid med andre, eller avbryte mastersatsinga for den aktuelle masteren. |
| 4 | Risiko for at høgskulen sine studium ikkje vert forskingsbaserte og held høg fagleg og pedagogisk kvalitet. | 3 | 4 | **12** | Rekruttering av fagtilsette med høg fagkompetanse er utfordrande i nokre fagmiljø, sjølv om rekruttering av kompetente fagtilsette har blitt enklare.<br><br>Studentevalueringar kan gi signal om dårleg pedagogisk kvalitet.<br><br>Pedagogisk kvalitet kan verte redusert gjennom bruk av video- og samlings- baserte utdanningar. | • Legge til rette for individuell kompetansebygging for fagpersonale med lægre kompetanse enn ønskjeleg.<br>• Tilsetje i toar-stillingar.<br><br>• Pålegge formell basiskompetanse i pedagogikk for lærarar som manglar dette.<br>• Omfordele arbeidsoppgåver slik at fagtilsette med svake undervisnings- eller forskingsresultat får andre oppgåver.<br>• Tilby betre utstyr og setje inn kompetansetiltak. |
| 5 | Risiko for svekka engasjement for internasjonalisering, som kan gje dårlegare kvalitet på HiSF sin faglege aktivitet. | 2 | 4 | **8** | Engasjementet varierer mellom fagmiljøa.<br><br>Internasjonalisering kviler på nøkkelpersonar. Desse kan slutte, eller søkje seg over i andre arbeidsoppgåver. | • Pålegge fleire fagtilsette til å orientere seg internasjonalt.<br><br>• Organisere seminar og fagleg aktivitet som kan trekkje til seg internasjonale partnarar. |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | Internasjonale nettverk kan forsvinne dersom nøkkelpersonar sluttar. | • Legge til rette for student- og lærarmobilitet gjennom stipend og avtalar med attraktive institusjonar.<br><br>• Auke leiar- og styringsfokus på arbeid med internasjonalisering av utdanning og forsking. |
| **6** | Risiko for svekka studiekvalitet og mindre oppfølging av studenten. | **2** | **5** | **10** | Brei studieportefølje og fleire studentar per tilsett har gitt utfordringar med tanke på studiemiljøet og oppfølging av enkeltstudenten.<br>Store førelesingar kan svekke kontakt med faglærarar.<br><br>Studentane etterlyser meir forskingsbaserte utdanningar.<br><br>Dersom studentane vert mindre nøgde, kan det føre til svekka omdømme. | • Syte for tilstrekkeleg ressursar til undervisning og tilbakemelding til studentar.<br><br>• Ta studentane på alvor gjennom å synleggjere meir av den faglege verksemda.<br><br>• Mobilisere fagtilsette og samarbeide med Studentparlamentet. |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **7** | Risiko for at høgskulen sitt læringsmiljø skal verte mindre ope og inkluderande og stimulere mindre til læring. | **2** | **5** | **10** | Høgskulen er kjent for eit godt studie- og læringsmiljø. Dette er utvikla over år gjennom tett samarbeid mellom høgskulen og studentorganisasjonane.<br><br>Studentane kan kritisere fulle klasserom og etterlyse fleire grupperom.<br><br>Mangel på bustader var kritisk ved studiestart 2011, ein liknande situasjon hausten -12 vil skade høgskulen.<br><br>Læringsmiljøet knytt til bygningar har vorte ulikt vurdert av studentane.<br><br>Dårleg læringsmiljø kan føre til svekka engasjement i studentorganisasjonane. | • Motverke negativ merksemd gjennom tett samarbeid med studentorganisasjonane.<br><br>• Svare og grunngje vurderingar og setje inn tiltak for å motverke fulle klasserom og for lite hyblar.<br><br>• Setje inn tiltak for å betre forholda snarast. Nytt høgskulebygg i Sogndal vil rette opp mykje.<br><br>• Kalle inn til møte og samarbeid for å informere og invitere til opne innspel |
| **8** | Risiko for at ferdige kandidatar frå HiSF ikkje skal lukkast på arbeidsmarknaden. | **2** | **4** | **8** | Arbeidsmarknaden og relevans i utdanningane spelar inn her.<br><br>Høgskulen sine kandi-datar kom seg godt inn på arbeidsmarknaden i 2010. Halvparten arbeidde i Sogn og Fjordane.<br><br>Høgskulen kan få signal om svekka fagleg omdømme. | • Revidere studieplanar for å styrke relevans og innhald i utdanningane opp mot behov.<br><br>• Kontakte arbeidsgjevarar innan offentleg og privat sektor.<br><br>• Gjennomføre brukarundersøkingar mot praksis- og yrkesfeltet.<br><br>• Utvikle Rådet for samarbeid, og invitere yrkeslivet til høgskulen i større grad. |

# Sektormål 2

## Universitet og høgskular skal i tråd med sin eigenart, utføre forsking, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.

HiSF har nedfelt i strategiplanen for 2010-2014 at høgskulen skal utvikle forskingsbasert kunnskap og nyskaping innanfor dei yrkesfelta ein utdannar til. Dette gjeld spesielt innanfor dei sentrale utdanningsfelta lærarutdanning, helsefagutdanning, sosialarbeidarutdanning, idrettsutdanning og økonomisk-administrativ utdanning. I tillegg skal høgskulen ha eit spesielt fokus på å utvikle ny forskingsbasert kunnskap innanfor dei områda der høgskulen har særskilte fortrinn på bakgrunn i geografisk plassering, kompetanse og regionalt samfunns- og arbeidsliv; geologi og geofare, landskapsøkologi, fornybar energi, fedme- og folkehelseforsking, regionshistorie, organisasjonsleiing og reiseliv.

### 2.1 Verksemdsmål:
### HiSF skal vere blant dei høgskulane som publiserer mest per fagstilling.

Det er nedfelt i strategiplanen for HiSF for perioden 2010-2014 at HiSF skal vere blant høgskulane med mest vitskapleg publisering.

#### 2.1.1 Styringsparameter: HiSF skal oppnå minst 50 publikasjonspoeng.

Målsetjinga for publikasjonspoeng skal vere å stabilisere talet publikasjonspoeng på eit stabilt høgt nivå der vi er blant høgskulane som publiserer mest per fagstilling.

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultat mål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Publikasjonspoeng | 20,6 | 34,9 | 38,7 | *41* | 50 |
| Publikasjonspoeng per fagstilling | 0,12 | 0,19 | 0,21 | *0,21* | 0,26 |

(Tala for 2011 er førebelse tal)

HiSF har som mål at fagtilsette som skal publisere vitskaplege artiklar annakvart år. Det er og ei målsetting at vitskaplege publikasjonar skal bidra til å bygge nettverk nasjonalt og internasjonalt, og det er difor naturleg at gjennomsnittleg publikasjonspoeng for HiSF pr. vitskapleg arbeid ligg på om lag 0,5 poeng for ein vitskapleg artikkel. Talet på publikasjonar og publikasjonspoeng kan svinge frå eit år til eit anna, men målet til HiSF er å stabilisere dette på over 50 poeng målt som eit snitt av dei siste tre åra, og på over 0,26 publikasjonspoeng pr. fagstilling. Snittet for høgskulane ligg på 0,38 publiseringspoeng per fagstilling, mens for universiteta ligg dette talet på 0,91.

#### 2.1.2 Risikovurdering.

Tal publiseringspoeng for høgskulen har vore stigande dei siste åra, og det er eit ambisiøs mål å skulle auke dette ytterlegare. Det er difor knytt noko risiko til at HiSF ikkje vil nå dette målet kvar år, og publiseringsaktiviteten er særleg sårbar dersom aktive forskarar sluttar ved

HiSF. Låge publiseringstal vil ikkje ha særlege konsekvensar for aktiviteten ved høgskulen på kort sikt, men vil være svært uheldig på lang sikt.

### 2.1.3 Tiltak

1. HiSF skal stimulere til fagleg samarbeid i forskingsgrupper gjennom arbeidsplanressursar til FoU-leiing ved avdelingane.
2. HiSF skal revidere satsingsområda for FoU med særleg vekt på å få fram eitt eller fleire forskingsfelt på særleg høgt nivå.

## 2.2 Verksemdsmål: HiSF skal utvikle forskingsbasert kunnskap og nyskaping innanfor fagområda på høgskulen.

### 2.2.1 Styringsparameter: Resultatoppnåing på forsking i forhold til sin eigenart.

Høgskulen skal styrke forskingsinnsatsen innan dei områda der ein er konkurransedyktig i forhold til andre institusjonar i UH-sektoren. Dette gjeld spesielt innan område der ein har etablerte mastergradssatsingar, område med høg professor- og førstekompetanse, og område der ein har særskilte fortrinn gjennom geografisk plassering eller tett kopling til regionalt samfunns- og arbeidsliv. Dette skal være førande for prioritering av satsingar mot nasjonale forskingsmidlar, og spesielt mot Forskingsrådets satsing på strategiske høgskuleprosjekt (SHP).

### 2.2.2 Risikovurdering.

Det er ein ibuande risiko for at HiSF ikkje når opp i nasjonale og internasjonale forskingssatsingar på bakgrunn den generelle treffprosenten hos NFR og i EU, men høgskulen skal vere ein aktiv søkar til nye forskingsprosjekt og jobbe systematisk med kvalitetssikring og kompetanseheving for å nå opp i denne konkurransen.

### 2.2.3 Tiltak.

HiSF skal aktivt følgje opp prosessen med utarbeiding av søknader om nasjonale og internasjonale midlar for å heve kvaliteten på desse, og skal aktivt søke samarbeidspartar nasjonalt og internasjonalt som hevar kvaliteten på prosjekta for å auke treffprosenten.

## 2.3 Verksemdsmål: HiSF skal vere i den nasjonale forskingsfronten på nokre utvalde område.

### 2.3.1 Styringsparameter: HiSF skal til saman søke minst 10 nasjonale eller regionale forskingsprosjekt mot NFR.

Høgskulen skal bli meir aktiv mot nasjonale finansieringsordningar gjennom NFR, og søke midlar til støtte for gode fagmiljø for å finansiere forskingsaktivitet, publikasjonar, stipendiatar og forskaropphald. Dette skal vere med på å bygge opp gode relasjonar med andre nasjonale partnarar som det er naturleg å knytte til seg i slikt søknadsarbeid. Måltalet på 10 søknader er ein liten auke i talet på søknader frå tidlegare år som høgskulen har sendt mot

NFR, men det er knytt liten risiko til talet søknader høgskulen kan sende til NFR. Høgskulen vil legge til rette for aktiv søknadsskriving ved utarbeiding av arbeidsplanar for tilsette.

### 2.3.2 Styringsparameter: HiSF skal ha tilslag på minst 2 forskingsprosjekt mot NFR med samla prosjektvolum på minst 5 millionar kroner.

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultat mål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Tildeling av midlar (NFR) (i 1000 kr) | - | 3 079 | 3 154 | 1 567 | 5 000 |
| Tildeling av midlar per fagstilling (i 1000 kr) | - | 9,3 | 17,2 | 8,2 | 26,3 |

Høgskulen skal ha som ambisjon å få tilslag på minst 2 forskingsprosjekt med eit samla prosjektvolum på minst 5 millionar kroner mot NFR kvart år. Dette er ei auke frå tidlegare år og set store krav til fagmiljøa, og høgskulen skal difor jobbe aktivt med kvalitetssikring av søknadane for å sikre at dei held eit høgt nivå.

### 2.3.3 Risikovurdering.

Det er knytt liten risiko til talet søknader høgskulen kan sende til NFR, men det krevjande å få tilslag på prosjekta, og det er derfor knytt betydeleg risiko for ikkje å nå målet om 2 tilsegn på til saman 5 millionar kroner. Konsekvensane av låg utteljing hos NFR er redusert tilgang til forskingstid og stipendiatmidlar, og at talet publikasjonspoeng kan synke. Dette vil vere svært uheldig for høgskulen på lang sikt.

### 2.3.4 Tiltak.

1. HiSF skal følgje opp søknadsprosessar mot NFR for å forankre satsingane i institusjonen og kvalitetssikre søknadar slik at dei held eit høgt nivå.
2. HiSF skal legge til rette på arbeidsplanen for at aktive forskarar og forskingsmiljø kan skrive søknader til NFR.

## 2.4 Verksemdsmål: HiSF skal delta på den internasjonale forskingsarenaen.

### 2.4.1 Styringsparameter: HiSF skal til ei kvar tid delta i minst 1 forskingsprosjekt mot EU med eit samla prosjektvolum på minst 500 tusen kroner.

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultat mål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Tildeling av midlar (EU) (i 1000 kr) | 923 | 3.033 | 0 | 22 | 500 |
| Tildeling av midlar per fagstilling (i 1000 kr) | 4,9 | 16,0 | 0 | 0,1 | 2,6 |

For å styrke det internasjonale forskingsarbeidet ved høgskulen skal ein til ei kvar tid delta i minst eitt prosjekt saman med andre nasjonale og internasjonale partnarar mot EU med eit

samla prosjektvolum på minst 5 hundretusen kroner. På sikt skal ein og ta initiativet til å søke nye prosjekt mot EU der høgskulen er initiativtakar innan områder der høgskulen har spesielt høg fagleg kvalitet.

#### 2.4.2 Risikovurdering.

Det er knytt noko risiko til om høgskulen greier målet om å delta i EU-prosjekt til ei kvar tid sidan det er svært låg treffprosent for søknader til EU. Det er viktig for høgskulen at ein har EU-prosjekt slik at ein kan knytte tette internasjonale band til forskarar og institusjonar som er langt framme på høgskulen sine prioriterte fagfelt, og for å styrke fagmiljøa gjennom forskarutveksling og felles publikasjonar.

#### 2.4.3 Tiltak.

HiSF skal følgje opp søknadsprosessar mot EU for å forankre satsingane i institusjonen, gje nødvendig administrativ prosjektstøtte og kvalitetssikre søknadar slik at dei held eit høgt nivå.

### 2.5 Verksemdsmål:<br>HiSF skal involvere studentar i forskings- og utviklingsarbeid.

#### 2.5.1 Styringsparameter: Samspel mellom forsking og utdanning.

Høgskulen skal aktivt involvere studentar i forskingsarbeid, og formidle ny forsking til studentane gjennom undervisning og rettleiing. Høgskulen skal stimulere til forsking i studentoppgåver gjennom oppgåver som kan bidra til ny innsikt i fagområdet ved aktiv bruk av forskingsmetodar, feltarbeid og datainnsamling. Det er ein risiko for at forskingsbaserte oppgåver og undervisning på bachelornivå vil gjere tilgangen til fagstoffet noko meir utfordrande, og høgskulen vil legge vekt på at alle studentar skal ha føresetnader for å tileigne seg pensum på ein god måte. Det er venta at masterstudentar evnar å tileigne seg ny forsking gjennom vitskaplege fagartiklar, og at dei sjølve kan bidra til å utforme forskingsbasert undervisning og oppgåver.

#### 2.5.2 Styringsparameter: HiSF skal stimulere til forskingsbasert læring gjennom å publisere resultata frå minst 2 prosjekt-, bachelor- eller masteroppgåve ved høgskulen.

Forskingsbasert læring gjennom prosjektarbeid er ein viktig del av utdanninga ved høgskulen, og det skal stimulerast til høg fagleg kvalitet på forskingsarbeidet slik at dette kan vere grunnmateriale for vitskaplege artiklar, og det skal publiserast frå minst 2 oppgåver ved høgskulen per år.

#### 2.5.3 Risikovurdering.

Gjennom den etableringa av nye mastersatsingar som har vore dei siste åra ved høgskulen er risikoen for ikkje å nå dette målet redusert, og det skal fokuserast vidare på å styrke studentdeltakinga i forskingsarbeid ved høgskulen.

#### 2.5.4 Tiltak.

HiSF skal legge til rette for forskingsbaserte studentoppgåver, og for aktiv formidling av forsking til studentar gjennom undervisning og rettleiing.

## 2.6 Verksemdsmål:
## HiSF skal ha høg fagleg og forskingsetisk kvalitet blant tilsette og på forsking- og utviklingsarbeid.

**2.6.1 Styringsparameter: HiSF skal publisere nytt og originalt arbeide i vitskaplege publikasjonar og følgje etablerte forskingsetiske retningsliner.**
Høgskulen skal publisere nytt og originalt materiale med høg fagleg og forskingsetisk standard i vitskaplege kanalar. Forskarar ved HiSF skal ikkje plagiere eige eller andre sitt arbeid i publikasjonar, og kun vitskaplege publikasjonar som gjev ny innsikt og kunnskap skal registrerast som poenggjevande publikasjonar i CRISTIN.

**2.6.2 Styringsparameter: HiSF skal ha minst 2 fagtilsette som får opprykk til førstelektorstillingar kvart år.**
Kvalifisering av fagtilsette for opprykk til førstelektor er viktig for å heve kompetansen blant tilsette ved høgskulen i undervisningsstillingar, og for å auke forsking og utviklingsaktiviteten ved høgskulen. Dette vil heve forskingskompetansen blant dei tilsette slik at ein kan gje betre rettleiing til forskingsbaserte prosjekt på høgskulen sine bachelor- og masterprogram. Det er etablert eit førstelektorforum som møteplass og støtte for dei som er i kvalifiseringsløp som førstelektor.

**2.6.3 Styringsparameter: HiSF skal ha minst 1 opprykk eller 1 ny tilsett som professor eller dosent kvart år.**
Høgskulen skal stimulere til fagleg utvikling av eigne tilsette, og identifisere og stimulere dei som har potensiale for å kvalifisere seg som professor og dosent. Det skal og leggast stor vekt på forskingskompetanse ved utlysing og tilsetjing i fagstillingar.

**2.6.4 Styringsparameter: HiSF skal ha knytt til seg minst 10 professor II stillingar til ei kvar tid, og alle avdelingar skal ha knytt til seg slik kompetanse.**
Det er viktig for å sikre høg kvalitet i forsking og undervisning at arbeidet stimulerast og kvalitetssikrast av fagfolk med høg kompetanse som har hovudarbeidsgjevar utanfor høgskulen. Dette er og eit mål for å knytte til seg samarbeidsinstitusjonar som hevar den faglege kvaliteten på forskings- og undervisningsarbeid ved høgskulen.

**2.6.5 Risikovurdering.**
Gjennom kjennskap til forskingsetiske rutinar, opplæring gjennom doktorgradsutdanning og førstelektorkvalifisering, og gjennom fagleg og etisk god rettleiing er det liten risiko for at høgskulen sine tilsette skal bryte med god forskingsetisk standard. Det vil likevel vere svært uheldig om slike saker skulle koplast mot høgskulen, og dette vil vere svært øydeleggande for høgskulen sitt renommé som utdanning- og forskingsinstitusjon.
Det er etablert eit førstelektorkvalifiseringsprogram ved høgskulen for å redusere risikoen for ikkje å nå målet opp minst 2 opprykk til førstelektorstillingar kvart år. Låg kompetansefaktor hos dei tilsette vil gje store utfordringar for høgskulen for å møte kompetansekrava satt til utdanningane ved høgskulen, og gje dårlegare og mindre forskingsbasert undervisning til studentane.
Målsettinga om minst eitt opprykk/tilsetjing som professor eller dosent kvart år er ei utfordrande målsetting om kompetanseheving blant dei tilsette, og risikoen for å ikkje nå dette målet kvart år er til stades. Høgskulen skal legge til rette for kvalifisering gjennom tildeling av forskingstid på arbeidsplanen til aktuelle fagtilsette.

### 2.6.6 Tiltak.

1. HiSF har satt ned eit utval for å etablere gode rutinar for handsaming av forskingsdata som sikrar at høgskulen følg gjeldane lovar og reglar på høgskulen sine fagområder – og helseforskingslova spesielt.
2. HiSF skal ha eit aktivt førstelektorkvalifiseringsprogram, og legge til rette for kompetanseheving for tilsette gjennom arbeidsplanar.
3. HiSF skal vektlegge forskingskompetanse ved tilsetting i nye fagstillingar
4. HiSF skal knytte faglege nettverk med andre institusjonar gjennom aktiv bruk av II-ar stillingar.

## 2.7 Verksemdsmål: HiSF skal ha god gjennomstrømming på doktorgradskandidatar (Sektormål 1).

### 2.7.1 Styringsparameter: Del uteksaminerte kandidatar tatt opp på doktorgradsprogram seks år tidligare.

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultat mål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Doktorgradsdisputasar | 3 | 3 | 3 | 4 | 4 |

HiSF skal ha minst 4 doktorgradsdisputasar kvart år, og det er eit mål at minst 70% av dei som starta for 6 år sidan skal ha disputert. Snittet for høgskulane for gjennomstrømming av doktorgradskandidatar er 42,4%, og tilsvarande for universiteta er 71,4%. Høgskulen tildeler ikkje doktorgradar, men har finansiering frå departementet for 11 doktorgradsstipendiatar. Det er viktig for høgskulen at det er god gjennomstrømming på doktorgradsstipendiatane tilknytt høgskulen slik at ein kan starte opp eit stabilt tal nye doktorgradsprosjekt kvart år. Doktorgradsstipendiatane ved høgskulen er ein viktig ressurs inn i utdanningane for å definere forskingsprosjekt mot studentar.

### 2.7.2 Styringsparameter: HiSF skal ha minst 2 doktorgradskandidatar finansierte med eksterne midlar til ei kvar tid.

Løyvingane frå departementet til doktorgradsstipend ved høgskulen har vore stabile i fleire år, og eksterne doktorgradsstipend finansierte gjennom forskingsprosjekt mot NFR, EU, offentlege sektor eller næringsliv vil vere ein føresetnad for å oppnå målet om høg grad av publisering per fagtilsett ved høgskulen.

### 2.7.3 Risikovurdering.

Det er knytt ein vesentlig risiko for at doktorgradsgjennomstrømminga ved høgskulen blir mindre enn måltalet. Høgskulen legg inn 25% pliktarbeid for alle doktorgradsstipendiatar slik at normert tid ved HiSF for doktorgradsstudiar er 4 år. Høgskulen vil følgje opp doktorgradskandidatane tett, og legge til rette for aktiv rettleiing frå høgskulen sine tilsette for å sikre god gjennomstrømming.

Dersom høgskulen ikkje er relevant for samfunns- og arbeidsliv er det ein vesentleg risiko for at målet om eksternt finansierte doktorgradsstipend ikkje blir nådd. Høgskulen vil difor arbeide aktivt for å vere ein relevant samarbeidspartnar både regionalt og nasjonalt.

**2.7.4 Tiltak.**

HiSF skal følgje opp doktorgradsstipendiatar under heile stipendperioden for å sikre at publikasjonsproduksjonen er høg og at stipendiatane fullfører på normert tid. Kurs eller seminar for doktorgradsrettleiarar vil bli vurdert for å sikre at høgskulen har tilstrekkeleg god oppfølging av doktorgradsstipendiatane.

## Risikovurdering av sektormål 2 – planar og tiltak:

| Nr | Risikoområde | s | k | Rv | Vurdering/ kommentar | Tiltak/oppfølging |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Særskilt produktive tilsette sluttar. | 3 | 4 | 12 | Nøkkeltilsette med spisskompetanse og som driv fagmiljø med høg grad av publisering sluttar. | • Sikre gode rammebetingelsar for nøkkeltilsette mtp løn, forskingstid, fleksibilitet.<br>• Etablere robuste fagmiljø mindre avhengige av enkeltpersonar. |
| 2 | Låg publiseringsgrad for forskarar. | 3 | 3 | 9 | Sannsynlighet:Det er naturlege svingingar i publikasjonspoenga av di fagtilsette ikkje publiserer kvart år. Målet er å stabilisere talet på publiseringspoeng på eit høgt nivå.<br>Konsekvens: Midlertidige svingingar vil gje moderate utslag gjennom RBO av midlar, og tape litt av HiSF sitt renommé som eit utdanningsinstitusjon med høgt vitskapleg nivå. | • Aktiv bruk av handlingsplanen for vitskapleg publisering, fleire kurs i vitskapleg skriving.<br>• Fleire tilsette i førstelektorløp.<br>• Fleire eksternt finansierte forskingsprosjekt og doktorgradsstipendiatar.<br>• Auka fokus på rapportering i CRISTIN.<br>• Sjå på mekansimar for å legge til rette for nokre forskingsfelt kan komme opp på eit særleg høgt nivå, og gjennom dette ha høg publikasjonsrate. |
| 3 | Låg tildelingsprosent ved søknader til NFR. | 3 | 3 | 9 | Treffprosenten ved søknader til NFR er ca 27%, og er høgare i programma enn ved søknader om fri prosjektstøtte (12%). | • I hovudsak rette søknader mot program i forskingsrådet for høgare utteljing.<br>• God kollegarettleiing og erfaringsutveksling ved søknadsutforming. |
| 4 | Liten kompetanseheving blant fagtilsette. | 2 | 3 | 6 | Kompetanseheving skjer gjennom førstelektorkvalifisering, doktorgradsarbeid, tildeling av forskingstid, og ved tilsettingar med vekt på forskingskompetanse. | • Vidareføring av strukturerte program for kvalifisering til førstelektor med forankring i organisasjonen.<br>• Vekt på forskingskompetanse ved tilsetjingar. |
| 5 | Låg gjennomstrømming av doktorgradstipendiatar. | 2 | 3 | 9 | Låg gjennomstrømming er gjerne med bakgrunn i lite publisering, og kan binde opp tilsette i vanskelege arbeidssituasjonar over tid. | • God oppfølging av progresjon og rammevilkår for doktorgradstipendiatar ved HiSF.<br>• Tidlige tiltak for å få kandidatar til å levere til rett tid.<br>• Kurs/seminar for rettleiarar. |

# Sektormål 3

## Universitet og høgskular skal vera tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.

HiSF har nedfelt i strategiplanen for 2010-2014 at høgskulen skal vere ein open og engasjert institusjon som er synleg og set spor etter seg. Høgskulen skal formidle viktige forskingsresultat i media og på eigne nettsider, og bidra med faktakunnskap i samfunnsdebatten. Høgskulen skal stimulere til verdiskaping gjennom innovasjon, og vere ein viktig regional utviklingsaktør.

### 3.1 Verksemdsmål: HiSF skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv.

Høgskulen skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv internasjonalt, nasjonalt og regionalt. Høgskulen skal auke omfanget av eksternfinansiert verksemd i form av forsking- og utviklingsprosjekt, ekstern finansiering av studium, stipendiatar og utstyr til undervisning og forsking.

#### 3.1.1 Styringsparameter: Del inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) utanom EU og NFR.

| Resultatindikator | Resultat | | | | Resultat mål |
|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd utanom EU og NFR (i millionar kr) | 17,5 | 25,3 | 24,6 | 21,8 | 25 |
| Andelen BOA i forhold til samla driftsinntekter (prosent) | 6,7 | 9,8 | 8,6 | 7,4 | 8,3 |

HiSF skal auke omfanget av eksternt finansiert verksemd ved høgskulen til minst 25 millionar kroner kvart år, og dette skal utgjere minst 8,3 prosent i høve til samla driftsinntekter for høgskulen – snittet for høgskulane er her 5% og for universiteta 8% i 2010. Frå 2008 til 2011 har tala variert frå 17 til 25 millionar kroner for høgskulen, og det er eit realistisk men ambisiøst mål at denne aktiviteten skal stabiliserast eller aukast i 2012. Eksternt finansiert verksemd som oppdrag for offentleg sektor og næringsliv er viktig for å styrke både utdannings- og forskingsaktiviteten ved høgskulen, og for å sikre at høgskulen er regionalt relevant innan sine fagområder. Forsking- og utviklingsprosjekta ved høgskulen skal vere av høg fagleg og forskingsetisk kvalitet, og skal gjennomførast med god prosjektrutinar og eit innarbeidd styrings- og kvalitetssystem.

#### 3.1.2 Styringsparameter: Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.

Høgskulen skal vere ein viktig partnar for samfunns- og næringsliv gjennom å tilby relevante utdanningar, innovative fou-prosjekt med relevans for samfunnet, og faktabasert kunnskap til samfunnsdebatten. Høgskulen har eit etablert og godt samarbeid med viktige delar av regional offentleg forvaltning gjennom Fylkeskommunen, Fylkesmannen, kommunar, NAV og Helse

Førde, og skal oppretthalde og styrke dette samarbeidet i 2012. Høgskulen har viktige samarbeidsprosjekt med energibransjen og andre aktørar i Sogn og Fjordane som skal vidareførast og styrkast. Høgskulen har og etablerte prosjektsamarbeid med Vestlandsforsking innanfor fleire utvalte områder, og dette skal samarbeidet skal vidareførast i 2012. Høgskulen skal utvikle vidare samarbeidet med dei andre utdanningsinstitusjonane i UH-Nett Vest gjennom konkrete prosjektsamarbeid og arbeidsdeling både innanfor utdanning og forsking. Høgskulen skal arbeide for å styrke relasjonen til dei store utdanningsinstitusjonane som vidareutdannar innanfor høgskulen sine fagfelt, og styrke samarbeide med viktige nasjonale forskingsaktørar innanfor prioriterte satsingsområder. Høgskulen skal og gjennom aktiv deltaking i EU-prosjekt spele ei internasjonal rolle innanfor utvalde fagområde. Rådet for samarbeid med arbeidslivet (RSA) skal spele ei viktig rolle i arbeidet med å styrke samarbeidet med regionalt og nasjonalt arbeidsliv. Høgskulen har ei viktig regional rolle, og ei veksande nasjonal rolle på utvalde fagområde, og risikoen for eit dårlegare samarbeid med samfunns- og arbeidsliv er liten. På bakgrunn i utdanningsprofilen med få næringsretta studium er det er likevel ei utfordring å få auka samarbeidet med næringslivet.

**3.1.3 Risikovurdering.**
I økonomisk usikre tider er det knytt ein betydeleg risiko til kor mykje av eksternfinansiert bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet som høgskulen er i stand til å hente inn. HiSF har ein relativt liten del eksternfinansierte verksemd frå konjukturavhengig næringsliv (13%), og ein betydeleg større del frå det offentlege. Usikkerheten rundt tilgang på eksterne midlar er difor moderat for HiSF. Konsekvensar av redusert eksternfinansiert verksemd vil gå inn som reduksjonar i driftsbudsjettet til høgskulen, og vil difor vere av betyding for aktiviteten ved HiSF.

**3.1.4 Tiltak.**
1. HiSF skal revidere prosjektstyrings- og kvalitetssikringsrutinane for forskingsprosjekt for å sikre gode leveransar med høg fagleg og forskingsetisk standard.
2. HiSF skal skipe til faglege konferansar retta mot arbeids- og samfunnsliv.
3. HiSF skal legge til rette for at stipendiatar kan hospitere hos bedrifter.

## 3.2 Verksemdsmål:
## HiSF skal formidle resultata frå forsking og utviklingsarbeid til samfunnet.

**3.2.1 Styringsparameter: HiSF skal formidle resultat frå alle fou-prosjekt til samfunnet.**
Høgskulen skal styrke arbeidet med å formidle resultata frå fou-prosjekt i media, på eigne heimesider og gjennom foredrag og faglege innlegg i debattar. Resultat frå fou-prosjekt og studentprosjekt skal formidlast gjennom Brage og andre opne arkiv for publikasjonar der dette er mogleg. Medlemskapen i Forsking.no skal oppretthaldast, og tilsette skal stimulerast til å formidle sin fou-aktivitet aktivt gjennom denne sida.

**3.2.2 Risikovurdering.**
Det er ikkje knytt særleg risiko til om høgskulen greier å formidle resultat frå alle fou-prosjekt, men det er knytt noko risiko til om all formidling treff dei viktigaste målgruppene våre. Det er her eit særskilt prosjekt ved høgskulen i regi Utviklingsavtalen med Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane som ser på formidling av fou, og dette vil følgast opp aktivt i 2012.

**3.2.3 Tiltak.**

1. HiSF skal delta aktivt i Forskingsdagane 2012.
2. HiSF skal fortsette det prioriterte arbeidet med å formidle fou-resultat på eigne nettsider.
3. HiSF skal sette i verk den nye kommunikasjonsstrategien for høgskulen.
4. HiSF skal forankre kommunikasjons- og formidlingsarbeidet i den nye organisasjonen.
5. HiSF skal bruke aktiviteten rundt Formidling i Utviklingsavtalen med Fylkeskommunen aktivt for å formidle fou-resultat.
6. HiSF skal starte arbeidet med å lage eigne retningslinjer for immaterielle rettar og opphavsrett.

## 3.3 Verksemdsmål: HiSF skal bidra til innovasjon og verdiskaping.

**3.3.1 Styringsparameter: HiSF skal bidra til regional nyskaping og innovasjon.**
Høgskulen har eit særleg ansvar for å bidra til nyskaping og innovasjon i regionen, og skal aktivt søke midlar gjennom det regionale forskingsfondet for vestlandet for å stimulere til verdiskaping saman med regionale aktørar. Høgskulen skal gjennom undervisning, studietilbod og studentbedrifter stimulere og legge til rette for entrepenørskap. Høgskulen skal og vere ein pådrivar for å søke om fou-prosjekt saman med regionalt samfunns- og næringsliv mot forskingsrådet for å stimulere til auka fou-innsats. Høgskulen skal vere ein viktig kompetansemeklar for fou generelt innan regionen, og innanfor utvalde område nasjonalt. Høgskulen skal halde fram som ein aktiv og engasjert partnar i VRI Sogn og Fjordane.

**3.3.2Risikovurdering.**
Høgskulen er partnar i Næringsforum og arrangerer Næringslivskonferansen for å sikre at ein bidreg til innovasjon og verdiskaping, og reduserer med dette risikoen for at høgskulen skal opplevast som passiv på dette området. Høgskulen skal vidare oppfordre eigne studentar til å etablere bedrifter og kompetansearbeidsplassar i regionen, og ta initiativ ovanfor det regionale forskingsfondet, Fylkeskommunen og andre aktørar for å sette i gang prosjekt som kan bidra til regional verdiskaping og innovasjon.

**3.3.3 Tiltak.**

1. HiSF skal aktivt stimulere regionale aktørar til økt fou-innsats gjennom søknader til NFR.
2. HiSF skal legge til rette for eigne studentbedrifter.

## Risikovurdering av sektormål 3 – planar og tiltak:

| Nr | Risikoområde | S | k | rv | Vurdering/ kommentar | Tiltak/oppfølging |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | HiSF opplevast som mindre relevante for næringsliv. | 3 | 4 | 12 | HiSF skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv gjennom utdanningar og fou-prosjekt. Spesielt mot næringslivet i regionen er det ei utfordring å vere tilstrekkeleg relevant med dei utdanningane og fagkompetanse vi tilbyr. | • Auka dialog med næringslivet om behov for kompetanse og fou.<br>• Styrke samarbeidet gjennom UH-Nett Vest og TeknoVest for å tilby ein breiare kunnskapsbase.<br>• Vere ein aktiv kompetansemeklar til kunnskapsmiljø nasjonalt for regionalt næringsliv.<br>• Auke innsatsen for å formidle våre relevante fagmiljø og fou-resultat til næringslivet. |
| 2 | Lite flinke til allmennretta formidling. | 3 | 3 | 9 | Allmennretta formidlinga og samhandling med andre samfunnsaktørar lokalt og nasjonalt gjev ikkje publikasjonspoeng, og kan bli nedprioritert som følgje av dette. HiSF skal legge vekt på at alle fou-prosjekt skal formidlast. | • Plassere ansvar for formidling ved prosjektoppstart.<br>• Aktiv oppfølging av avdelingar og prosjekt på formidlingsaktivitet.<br>• Aktiv bruk av fou-resultat i undervisning.<br>• Aktiv deltaking på Forskning.no. |
| 3 | Låg tilgang på eksterne midlar. | 3 | 3 | 9 | Eksterne forskingsmidlar finansierar både forskingsprosjekt og doktorgradsstipendiatar. Krisa i europeisk økonomi kan ha negativ effekt på midlar frå næringsliv, mens kan stimulere til auke i midlar frå offentleg sektor. | • Revisjon av prosjektstyring og kvalitetssikringsrutinane ved HiSF for å sikre at vi leverer høg kvalitet til rett tid i prosjekt mot eksterne oppdragsgjevarar.<br>• Gå i tettare dialog med relevant næringsliv og offentleg sektor for å synleggjere HiSF sin kompetanse og relevans for spesielt regionale aktørar. |
| 4 | HiSF deltar ikkje i samarbeidsprosjekt med regionale aktørar. | 2 | 3 | 6 | HSF deltek i stor grad i samarbeidsprosjekt av med regionale aktørar, og særleg innan dei profesjonsfelta høgskulen utdannar til. HiSF samhandlar òg i aukande grad med lokalt og regionalt næringsliv. | • Styrke etablerte relasjonar til samfunns- og arbeidsliv.<br>• Vidareføre etablerte prosjekt-samarbeid mot regionalt næringsliv.<br>• Delta aktivt større forskingsnettverk.<br>• Stimulere til meir fou-innsats i regionene gjennom nye satsingar mot NFR. |

# Sektormål 4

## Universitet og høgskular skal ha effektiv forvalting av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla.

HiSF har dei siste åra betra økonomien gjennom auka studentrekruttering og auka rammeløyvingar frå departementet. Likevel har veksten i tal studentar og satsing på nye studietilbod gjort at vi har måtte planleggje med eit større aktivitetsnivå enn dei økonomiske rammene gjev rom for. Dette vert planlagt dekka gjennom tidlegare års mindreforbruk og gjennom forventa auke i studiepoengproduksjonen.

Høgskulen har gjennomført ein større OU-prosess i 2010 og endring i organisering av den faglege aktiviteten vart iverksett frå 01.08.2011. Tal avdelingar vart redusert frå 5 til 4, det vart oppretta stillingar som viserektor for utdanning og viserektor for FoU. Det vart oppretta 8 institutt leia av instituttleiarar. Intensjonen bak denne endringa var å utvikle god fagleg leiing, utvikle og integrere forsking og utdanning og styrke personalleiarfunksjonen med eit tydeleg leiarskap på grunnivået

I 2012 skal det gjennomførast ein stor flytteprosess som involverer alle leigeareal som høgskulen har i Sogndal. Eit nytt høgskulebygg på 7 600 m2 skal stå klart for innreiing og innflytting 1. juli 2012. Dette er byggesteg 2 av 3 planlagde utbyggingar for høgskulen sin aktivitet i Sogndal.

## 4.1 Verksemdsmål: Høgskulen skal sikre ei god og effektiv bruk av ressursane.

### 4.1.1 Kvalitativ styringsparameter.

Regjeringa legg vekt på at god og effektiv infrastruktur er viktig for forsking og utdanning av høg kvalitet (tildelingsbrev 2012).

Det blir ei utfordring å få til ei god utnytting av den samla bygningsmassen etter innflytting i nytt bygg. Det er uheldig at delar av aktiviteten framleis blir spreidde på mange bygg sjølv etter innflytting i Høgskulebygget. Høgskulen har søkt om auka husleigeramme for å kome i gang med byggjesteg 3.

### 4.1.2 Risikovurdering.

Det er ein risiko for at høgskulen framleis vil vere i ein situasjon der delar av aktiviteten føregår i uhensiktsmessige lokale. Dette kan vere negativt for arbeidsmiljø og trivsel for både studentar og tilsette.

### 4.1.3 Kvantitativ styringsparameter.

| Kvantitative styringsparametrar (KD) | Resultat (tal i 1000) | | | Mål |
|---|---|---|---|---|
| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Driftsutgifter pr avlagde 60-studiepoengeinging | 143 | 138 | 134 | 135 |
| Driftsutgifter pr publikasjonspoeng | 7 371 | 7 230 | 7 228 | 6 000 |
| Forholdstal vitskaplege og administrative årsverk | 2,25 | 2,38 | 2,32 | 2,33 |

Nivået på driftsutgifter vil auke med ny husleige i høgskulebygget i 2012, derfor vil parametrane endrast. Nivået på studiepoeng og publikasjonspoeng tilsvarar nivået i plandelen for under sektormål 1 og 2.

#### 4.1.4 Risikovurdering.

Risiko for at HiSF ikkje har robust økonomi og gode økonomiske rammer er først og fremst knytt til rekruttering av studentar. Høgskulen har dei siste åra opplevd god studenttilgang på dei fleste studium. Vi må ha stor merksemd på å tilpasse økonomi og aktivitet.

#### 4.1.4 Tiltak.

Vi skal:

- innføre elektronisk romplanleggingssystem for å sikre effektiv utnytting av undervisningsareala.
- vidareutvikle digital kompetanse i undervisninga gjennom eige prosjekt "Digital kompetanse".
- utarbeide felles system og rutinar knytt til økonomistyring og arbeidsplanlegging

## 4.2 Verksemdsmål: Høgskulen skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

**4.2.1 Kvalitativ styringsparameter** (Strategisk plan).

Vi skal stå fram og vere kjende som ein kompetent, tillitsvekkjande og open organisasjon.

**4.2.3 Kvalitativ styringsparameter** (Strategisk plan).

Vi skal vere kjende for ein arbeidskultur som er prega av entusiasme og nytenking, gjensidig respekt og samarbeid.

**4.2.4 Kvalitativ styringsparameter** (Strategisk plan.

HiSF Vi skal ha utviklingsorienterte leiarar som legg vekt på resultat, høg kvalitet og etisk forsvarlege arbeidsmåtar og haldningar.

**4.2.5 Kvalitativ styringsparameter** (KD/Strategisk plan).

Høgskulen skal ha robuste fagmiljø og systematisk leggje til rette for å auke kompetansen til dei tilsette.

### 4.2.6 Kvantitativ styringsparameter.

| **Kvantitative styringsparametrar** | Resultat (tal i 1000) | | | Mål |
|---|---|---|---|---|
| | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 |
| Prosentdel førstestillingar av totalt tal undervisnings-forskar og formidlingsstillingar | 33 | 35 | 36 | 40 |
| **Prosentdel kvinner, totalt og etter stillingskategori:** | | | | |
| | | | | |
| **Del kvinner totalt** | 55,7 | 56,6 | 57,7 | |
| Del kvinner i undervisning, forsking og formidling | 50,1 | 49,3 | 50 | 50 |
| Del kvinner i dosent og professorstillingar | | 32 | 25 | 30 |
| Del kvinner i stipendiatstillingar | 36,7 | 45,8 | 53 | 55 |
| Del kvinner i driftsstillingar og reinhaldsstillingar | 86 | 86 | 66,2 | 65 |
| Del kvinner i administrative stillingar | 64,4 | 67,9 | 71,6 | 70 |
| Prosentdel kvinner i leiande stillingar (leiargruppe og mellomleiarar) | 58 | 53 | 58 | 50 |
| Prosentdel kvinner i førstestillingar | 26,4 | 24,6 | 24,7 | 27 |
